

Verneverdige hus i Suldal

Ein rapport om registreringa av faste kulturminne i Suldal



Uteløe i Hamrabøheia.

ryfylkemuseet



4230 Sand


SULDAL
K O M M U N E

Verneverdige hus i Suldal

Ein rapport om registreringa av faste kulturminne i Suldal

Verneverdige hus i Suldal

Rapport om registreringa av faste kulturminne i Suldal

Utarbeidd av Anne Margrethe Myhre hos Konsul A/S, 4230 Sand, i samarbeid med Roy Høibo og Gaute Berge Nilsen ved Ryfylkemuseet.

Etter oppdrag frå Suldal kommune, Hovudutval for levekår.

Innhald

Registrering av faste kulturminne	7
Arbeidet med evalueringa	10
Husa på garden og plassen	13
Våningshus og folgehus	13
Stabbur	20
Jordkjellarar	23
Eldhus	24
Badstover	26
Driftsbygningar	27
Smier	32
Kvernhus	33
Tørkehus	35
Uteløer	37
Stølshus	40
Mjølkebuer	41
Naust og andre sjøhus	44
Andre hus på garden	48
Andre hus i bygda	53
Hus i tettstadene	55
Vedlegg	63

Registrering av faste kulturminne

Arbeidet med registrering av faste kulturminne i Noreg blei sett i gang av Norsk Kulturråd i 1970. I 1973 blei det oppretta eit sekretariat for å ta seg av arbeidet. Namnet på dette blei Sekretariatet for registrering av faste kulturminne i Noreg. Forkortinga av namnet, SEFRAK, er blitt nemninga på både arbeidet med registreringa og resultatet av det.

Med faste kulturminne meiner ein generelt jordfaste, ikkje rørlege spor etter menneskeleg verksemd. Faste kulturminne frå forhistorisk tid og mellomalderen (dvs. frå før år 1536) utgjer ei eiga gruppe med nemninga fornminne. I utgangspunktet var det meininga at registreringa skulle omfatte allslags kulturminne, i praksis har registreringsarbeidet først og fremst omfatta hus.

Formålet med den omfattande registreringa var å få til eit landsomfattande og eintydig register som kunne vera til nytte i den offentlege planlegginga, i lokalhistorisk og anna forskings- og opplysningsarbeid og i det antikvariske bevaringsarbeidet. Registeret skulle såleis på den eine sida vera ein reiskap for den praktiske utviklinga og utforminga av lokalmiljøa, og på den andre sida ei hjelperåd for alle som søker kunnskap om den kulturhistoriske bakgrunnen i bygdene og byane.

Arbeidet blei organisert slik at fylkeskonservatorane fekk ansvaret for gjennomføringa i kvart fylke. Desse vendte seg så til kommunane, som løyvde sin del av utgiftene, og tok del i det praktiske arbeidet med registreringane.

Nå viste det seg at det tok svært lang tid å få gjennomført registreringane, og først dei siste åra har arbeidet med å bearbeide materialet og legge til rette for vidare bruk kome i gang. Det er også reist spørsmål ved om registreringa gir svar på dei rette spørsmåla, og om materialet held faglege mål. Slike spørsmål vil ein alltid kunne reise når det har gått nokre år etter at eit innsamlingsarbeid gjekk føre seg, og ein vil sjeldan finne svar på alle

dei spørsmåla ein gjerne vil stille til eit materiale. I bruken av SEFRAK-materialet vil ein nok raskt finne at det er mye ein gjerne skulle visst meir om, men som eit oversyn over den vernverdige bygningsmassen her i landet er det eit godt grunnlag for arbeid med ulike problemstillingar.

Det materialet som ligg føre etter registreringane er eit skjema for kvart enkelt hus som er registrert, ein liten bildeserie, og ei kartfesting på økonomisk kartverk. Originalmaterialet blir oppbevart hos fylkeskonservatorane, medan ei avskrift av registreringane ligg i ein database hos Norsk Informasjonsteknologi i Bergen.

SEFRAK-REGISTRERINGA I SULDAL

I Suldal blei arbeidet med SEFRAK-registreringa starta av kultursekretæren i 1979, men var ferdig først i 1992. Undervegs var det mange registratorar som deltok i arbeidet, og arbeidet har såleis noko ujamn kvalitet, men jamnt over er det eit godt og samvitsfullt arbeid som er gjort. Etter at Ryfylkemuseet blei etablert i 1981 har museet deltatt i arbeidet gjennom å halde kurs og gi rettleiing til registratorane.

Suldal er mellom dei kommunane som har eit stort tilfang av gamle hus, og få kommunar har eit større registreringsmateriale enn Suldal. Det er i alt registrert 1529 objekt i kommunen. Gjennom ei evaluering, som det vil bli gjort nærmare greie for nedanfor, har ein funne at vel halvparten av desse bør vernast. 82 objekt, eller omlag 5% av objekta, har kome ut med så høg verneverdi at det kan komma på tale å foreslå freding eller anna form for strengt vernetiltak.




Fig. 1 Fordeling av hustypar blant dei objekta som har kome ut med høgast verneverdi.

Ein må likevel ikkje sjå seg blind på dei objekta som kjem ut med høgast verneverdi. Ei opptelling av desse objekta viser at mest halvparten av dei er våningshus eller stabbur på gard, medan det berre er ei handfull hus som har tilknytning til tettstadene våre, sjøen eller stølsbruket (fig. 1).

Dette fortel oss at det slett ikkje er sikkert at det verken bør eller kan settast i verk vernetiltak for alle dei våningshusa eller stabbura som har kome ut med høgast verdi, medan det for dei andre hustypane kan vera aktuelt å sjå nøye etter om det

kan vera aktuelt å setta i verk særlege tiltak for ein del av dei husa som har kome i den nest høgaste vernekategorien.

Det er dessutan viktig å vera merksam på at ein del hus som kvar for seg ikkje blir sett på som særleg verneverdige, til saman kan danne eit miljø som får status som svært verneverdig.

BRUKEN AV MATERIALET

Frå oppdragsgivaren har eit viktig motiv for å koste denne evalueringa vore å få fram eit materiale som kan danne grunnlag for utarbeidinga av ein kulturminneplan for Suldal. Med det oversynet som her ligg føre, har ein nå eit godt grunnlag for å peike ut ein del enkeltobjekt og bygningsmiljø som det kan vera interessant å ta vare på. Dersom også eigarane av desse husa er interesserte i å ta vare på dei, skulle forholda såleis ligge godt til rette for å laga ein plan der ein foreslår ulike tiltak, avhengig av det som passer i kvart enkelt tilfelle.

Det vil i det heile vera av avgjerande betydning at ein får forståing for verdien av å ta vare på bygningane hos eigarane. Eit godt samarbeid mellom styresmaktene og huseigarane kan sikre oss alle at dei miljø- og kunnskapsverdiane som ligg nedfelt i den gamle bygningsmassen kan bli til glede og nytte for både fastbuande og tilreisande.

Materialet er også eit godt grunnlag for å gi betre kunnskap om byggeskikken i kommunen. Ryfylkemuseet har, med god støtte frå m.a. Suldal kommune, sett i gang eit prosjekt om bygningsvern i Ryfylke, og vil ha god nytte av det oversynet som SEFRAK-materialet gir. Materialet er likevel ikkje detaljert og grundig nok til å trekke nokon konklusjonar om byggeskikken i kommunen, men det er ei god hjelp i arbeidet med å finne fram til høvelege studieobjekt.

Endeleg vil ein håpe at materialet, i den bearbeidde forma det nå ligg føre, kan vera til nytte for den fysiske planlegginga, på den måten at ein har merksemda retta mot mulege verneverdige bygningar i arbeidet med arealplanlegginga i kommunen.

Arbeidet med evalueringa

SEFRAK - eldre enn 1900

I 1987 vart det sett ned eit statleg utval med oppgave å utarbeida ein modell for evaluering av kulturminne i SEFRAK-registeret. Dette arbeidet vart seinare kopla til Nome-prosjektet som hadde som siktemål å utarbeida ein modell for kommunal planlegging innafor bygningsvern. Evalueringsutvalet sin modell vart då utprøvd på SEFRAK-materialet i Nome kommune. Det er den same modellen som me nå har bruka på Suldal kommune.

Ei evaluering skal vera ei grunngjeven vurdering som fortel på kva måte akkurat dette kulturminnet er verdifullt. Objektet skal vurderast i ein brei samfunnsmessig samanheng.

Verneverdien består av ei rekke forskjellige delverdiar som kvar knyttar seg til eit forhold mellom kulturminnet og samfunnet forøvrig. Dei ulike delverdiane ein her har vurdert er bygningshistorie, næringshistorie, sosialhistorie, historisk verdi i høve til person/hending, estetisk verdi og identitetsverdi. Desse delverdiane er så vurderte opp mot 4 kriterier: Alder, autentisitet, miljø og representativ/sjeldan. Desse delverdiane og kriteria er sett opp i ein matrise (fig. 2).

I dette skjemaet kan ein gi karakteren 0, 1 eller 2, der 0 er låg verdi, 1 er høg verdi og 2 er svært høg verdi. Ei open rute viser anten at

delverdien er irrelevant eller at det manglar opplysningar for å vurdera den.

Ut frå desse delkarakterane kan ein nå setja ein verneklasse på objektet. Er det ennå tvil, har ein to forsterkande kriterier: Bruksverdi og pedagogisk potensiale.

Ein har 3 ulike verneklassar:

Verneklasse A:

Fredingverdig etter lov om kulturminne.

Det er Fylkeskonservatoren som tek den endelige vurderinga av desse bygningane med tanke på om det skal gjennomførast ei fredingssak eller ikkje.

Verneklasse B:

Bevaringverdig etter Plan- og Bygningslova.

Det er opp til kommunen om ein skal vurdera tiltak som kan sikra bygningen eller miljøet varig vern. Plan- og Bygningslova opnar for ei regulering til spesialområde for bevaring.

Verneklasse C:

Ingen særskilde tiltak.

Sjølv om denne gruppa har den lågaste vernestatusen, er ikkje det same som at desse husa ikkje er verd å ta vare på. I byggesaker vil desse bygningane få same handaming som nyare bygningar.

	ALDER	AUTENT.	MILJØ	REPR. / SJ
BYGNINGSHISTORISK VERDI				
SOSIALHISTORISK VERDI				
NÆRINGSHISTORISK VERDI				
PERSON OG HENDELSE				
ESTETISK VERDI				
IDENTITETSVERDI				

Fig. 2 Matrise for evalueringsarbeidet.

Utvalet som har laga denne modellen, har gjort eit overslag og kome til at omlag 5 - 10 % av objekta kan setjast i kategori A og ein stad mellom 30 og 70 % kan plasserast i kategori B. Ved gjennomgang av 1500 objekt i Suldal kommune, har ein enda opp med 69 objekt (5 %) i kat. A, 785 objekt (52 %) i kat. B og 649 objekt (43 %) i kat. C.

Det kan synast som det er ei ganske skeiv fordeling mellom dei ulike typane hus som er sett i kat. A. Men om ein held tala saman med fordelinga av dei registrerte husa, kjem ein nokså likt ut (fig. 3 og fig. 4).

Det er totalt registrert 1529 objekt i Suldal kommune. Av desse er 1500 evaluert. Dei resterande er anten rivne eller ikkje evaluerte pga. mangelfulle opplysningar. Det kan godt vera at fleire av dei evaluerte bygningane er rivne etter at registreringa vart gjort. Dette får ein ikkje oversikt over utan at ein dreg rundt ein gong til. Det har me ikkje tatt oss tid til i denne omgang. Det er òg ein føresetnad for den karakteren som er gitt eit objekt, at huset framleis har same tilstand som under registreringa. Er det gjort endringar, må huset vurderast på nytt.

I tillegg til evaluering av kvart einskild hus, har ein høve til å gruppera objekt til eit miljø og gi dei ei samla vurdering. Eit miljø kan ofte få ein høgare verdi enn dei einskilde husa som er med. Eit godt døme på det er Nordenden på Sand. Til dette miljøet er det lagt inn 42 objekt. 22 av einskildobjekta har fått verdi B, 18 har fått verdi C, eit av objekta er rive. Som eit samla miljø er Nordenden sett i kat. B. Mange av einskildhusa er det gjort så pass mykje endringar på at dei i seg sjølv ikkje lenger har så stor verdi. Men saman utgjer desse 40 husa eit godt bilete på det gamle strandstadmiljøet på Sand. Det same kan ein sjå t.d. på Jelsa

Eit av dei første problema ein møter på under eit slik evalueringsarbeid, er feil og manglar i registreringane. I tillegg er nokre av registreringane til dels svært gamle, og mykje kan ha skjedd med eit hus i mellomtida. SEFRAK-regis-




Fig. 3 Fordeling, evaluert totalt.




Fig. 4 Fordeling, kategori A.

teringane gir eit godt bilete av den bygningshistoriske sida av eit hus. I tillegg til byggeår og evt. om- og påbyggingar, er det nøye beskrivelse av konstruksjon, kledning og tekking. Det vert straks verre når ein er ute etter næringshistoriske og sosialhistoriske verdiar. I ein del av registreringane er det teikna opp rominndeling i huset og teikna inn fast inventar som gruer, peisar, kvernsteinar osv. Det kan til og med vera fotografi som viser viktige element inni huset. Dette gir evaluator ein god peikepinn om autentisiteten og den

næringshistoriske og/eller sosialhistoriske verdien av eit hus.

Det kan vera vanskeleg å sjå miljøringsammenheng mellom hus i SEFRAK-registreringane då det svært sjeldan er teke fotografi som syner fleire hus samstundes. Berre nokre få stader kring Nesflaten er det bruka eit miljø-skjema med foto og skjemateikning av fleire hus isaman.

Som eit tillegg til dei opplysningane som SEFRAK-registeret gir, har ein nytta lokal-historisk litteratur som "Folk og hus i Suldal", "Kulturso-ga for Gamle Suldal" og "Kultursoga for Jelsa".

Eit anna problem ved bruk av SEFRAK-registe-ret er namneformer. På registreringskjemaet er det rubrikk for offisielt namn og lokalt namn på kvar eigedom. Dette fører til ei blanding av norsk/dansk og dialekt i namngjevinga av kvar eigedom. I tillegg er det ein del skrivefeil og problem med å lesa handskrift frå innlegginga på EDB.

I denne presentasjonen av evalueringa har ein nytta namn slik dei ligg inne på SEFRAK-registe-ret.

Evalueringsmaterialet

I tillegg til dette heftet, ligg det evaluerte SE-FRAK-materialet føre på EDB.

SEFRAK-registreringane ligg samla i ein databa-se. I denne databasen kan ein søkja på objekt etter krets- og løpenummer, gards- og bruksnummer, tidskode, og opphavleg funksjon. På kvart eins-kilde objekt kan ein få fram opplysningane frå SEFRAK-registreringsskjemaet og evalueringsskjemaet.

Evalueringskjemaet er i tillegg skrive ut på papir og sett inn i ringpermar. I desse permene er det òg sett inn kopi av evt. annan informasjon om objek-tet.

Alle registrerte objekt er teikna inn på nedfoto-graferte kart frå økonomisk kartverk. Evaluator har merka objekta med fargekode for kvar kate-gori. Dette gir ein god oversikt over fordelinga og plasseringa av dei ulike objekta. Særleg når det gjeld å setja saman objekt til miljø er karta til god hjelp.

HUSA PÅ GARDEN OG PLASSEN

Våningshus og folgehus

Det er evaluert 572 hus med opphavleg funksjon: bustadhus knytta til landbruk, fiske og fangst. Av desse er 422 bustadhus for eigar. 32 hus er registrert som generasjonsbustad/folgehus og 6 for leigd arbeidskraft.

118 av husa er registrerte som bustadhus for temporær bruk, dvs. stølshus, hytter ol. og vert handsama under eige punkt.

Det er ikkje registrert eit einaste hus på garden Vasshus i Suldal. Likeeins manglar det registreringar av husa på Røynevarden. Det er heilt sikkert at her er det fleire hus som ville kome høgt opp i ei evaluering.

Av dei 431 bustadhusa som er evaluerte, er 15 sette i kat. A, 163 i kat. B og 253 i kat. C. 29 hus har anten fått ny funksjon og blir summerte opp under den, eller er rivne etter at registreringa vart gjort.

Etter gjennomgang av SEFRAK-registreringane sit ein igjen med eit klart inntrykk av at det er bustadhusa som det er blitt gjort mest med opp gjennom åra. I tillegg til vanleg vedlikehald, er dei blitt bygde på både etter tradisjonelle liner og etter meir tilfeldige innfall og behov. Dette fører til at det ofte er svært lite att som viser korleis eit bustadhus har sett ut i utgangspunktet. Det kan vera vanskeleg å setja ein rettferdig verdi på eit hus når ein ser store termopan-vindu og betongtakstein, og veit at inni skjuler det seg ei tømra stove frå 1600- eller 1700-talet. Slike endringar viser òg at huset er ein del av eit levande miljø som må tilpassa seg omgjevnaden.

Dei husa som er svært autentiske i høve til det opphavlege er ofte fråflytte og ikkje med i den levande garden. Desse er sjølv sagt svært utsette for raskt forfall om ikkje eigaren er særskilt merksam på huset og verdien det har.



Våningshus, Mogleiv

Samstundes som ein ynskjer å ta vare på det opphavlege, kan ein ikkje sjå bort frå at det har vore ei naturleg utvikling som har verka inn på husa. Svært mange hus følgjer dei same trinna og ein kan lesa dei ulike periodane av utsjånaden i dag. Typisk utvikling er at ein i utgangspunktet har ei bu/stove frå 1600-/1700-talet. Etter kvart set ein opp, eller flyttar til ei stove og byggjer dei saman med eit midtparti der ein har kjøkken og gang. Treng ein meir plass, byggjer ein til kammer bak kvar stove/bu. Vidare utbygging går i høgda med kvistar eller arkar. I øvre del av Suldal har ein ofte bygd ein full 2. etasje lik den første.

I eit gardstun framstår ofte bustadhuset som svært moderne i forhold til resten av bygningsmassen, og har fått ein låg karakter pga. manglande autentisitet. Ved å sjå heile garden under eitt og gjera ei evaluering av miljøet, vil eit slikt bustadhus koma betre ut enn som einskildobjekt.

Våningshus i kategori A:

Krets	L.nr	Objekt
1	26	Våningshus, Havrevoll, Hamrabø
1	31	Våningshus, Vikane, Hamrabø
1	107	Våningshus, Møkleiv
2	6	Våningshus, Gautun, Nesflaten
2	42	Våningshus, Moatre, Nesflaten
4	41	Bustadhus, Kvednaflåtå, Bråtveit
6	18	Våningshus, Hoftun, Suldal
6	23	Våningshus, Kolbeinstveit, Suldal
8	34	Våningshus, Li-tunet
8	35	Følgehus, Li-tunet
12	26	Våningshus, Lølandstova, Løland
15	22	Våningshus, Foss, Suldal
18	3	Malenehuset, Håland, Erfjord
21	1	Våningshus, Bjørklund, Ropeidhalv.
21	31	Våningshus, Krististova, Kjølvik

Krets 1 Lnr. 26**“Gamlenilsbuo”, Havrevoll, Hamrabø**

Dette er den eldste forma for bustadhus med berre 1 rom (bu). På eine langveggen er det eit lite glas i rokokko-stil. I SEFRAK er huset reg. som drengestove.

Dette huset er frå ein gong på 1700-talet. Huset er flytta, men ein veit ikkje når dette var. Nå står huset som ein del av tunet på Havrevoll. Dette er eit tun med mange godt bevarte hus med ulike funksjonar, og dette huset er med på å komplettera biletet av den gamle garden (miljø nr. 2). Huset er godt vedlikehalde utan at det har gått ut over autentisiteten.

Krets 1 Lnr. 31**Vikane, husmannsplass u/Havrevoll, Hamrabø**

Huset har stove, kjøkken og eit kammers i første høgda, og har fått tilbygt ei svål på heile baksida. På loftet er det gang og eit rom. På framsida av huset er det 3 2-rams glas i rokokko.

Huset er opphavleg bygd i tidsrommet 1800-1825 på Falkalid, men vart i 1860 flytta til Vikane.

Krets 1 Lnr. 107 Våningshus, Møkleiv

I følge “Norges Bebyggelse” er huset bygd i 1848. Det er seinare flytta omlag 200 m lenger aust.

Huset har den typiske inndelinga med ei stove i kvar ende og med kammers bak. I mellom stovene er det kjøkken og gang. På baksida over gangen er det bygd ein liten kvist. I den vestre enden er det ein vedaskut. Huset er godt bevart. Det har ennå 3-rams rokokkoglas i den vestre stova. I den andre stova er det sett inn 2 to-rams empire-glas. Hovuddøra på framsida er i fiskebeinsmønster og har ein lås der det står inngravert 1884. På taket er det hoggen skifer.

Krets 2 Lnr. 6**Våningshus, Gautetun, Nesflaten**

Huset er eit godt døme på dei 2-etasjers våningshusa som er vanlege i øvre Suldal. Huset er bygt ein gong i tidsrommet 1700-1725. Det hadde då stova i eine enden og kjøkken og gang i andre enden. I stova er det peis i kroken inn mot kjøkken. Ein gong mellom 1925 og 1950 vart det bygt på ei stove og eit kammers i austenden. Bortsett frå i trappegangen i 2. etasje og i eine endeveggen i 2. etasje er det empireglas i heile huset. Dei to førstnemnde glasa er rokokko-glas. Huset fekk nytt tak i 1985.



Våningshus, Gautetun, Nesflaten

Krets 2 Lnr. 42**Våningshus, Moatre, Nesflaten**

Huset har tømra stove i eine enden og kjøkken og gong i bindingsverk i andre enden. Det er bygt til ein vedaskut i nordaust. Glasa er empireglas. Huset har torvtak. Det er ikkje uthus knytt til huset. Huset vert kalla Skomakarståvå.

Huset er ikkje tidfesta i SEFRAK-registreringa. Det er òg flytta ein gong, utan at ein veit når.

Krets 4 Lnr. 41**Våningshus, Kvednaflåtå, Bråtveit**

Dette er eit tredelt hus der den eldste stova er frå 1700-talet. Den andre stova og mellomgangen er bygd ein gong på 1800-talet. Tømmeret i den eldste stova er flyttemerka. I søre enden er det vedaskut. Sidan det ikkje er bordkledning på huset, kan ein godt sjå at det er sett saman av fleire deler. Glasa er rokokko-glas, og det er lemmer til å skuva opp framfor nokre av glasa. Det er torv på taket. Inne på kjøkken er det ei gamal grue som det seinare er sett inn ein støypejernsømn i.

I dette huset vaks den kjende misjonæren Nils Braatvedt opp. Han var misjonær i Sør-Afrika saman med Reinert Aas.

Huset har eit pedagogisk potensiale pga. sin autentisitet og som ein del av miljøet rundt. Diverre har løa på Kvednaflåtå dotte ned (1985). Kvednaflåtå var husmannsplass under Bråtveit. Rundt plassen er det ennå godt bevart kulturlandskap. Langs elva som renn like ved, står fleire kvernhus og ei korntørke, derav namnet Kvednaflåtå. Dette er nærare beskrive under miljø nr. 26.

Krets 6 Lnr.18**Våningshus, Hoftun, Suldal**

Huset er registrert med byggeår ein gong på 1700-talet. Dette er noko usikkert.



Våningshus, Kvednaflåtå, Bråtveit.

Huset hadde opphavleg 2 stover, men den vestre er flytta vekk. Ein veit ikkje når dette vart gjort. I 1930 vart det bygt til ei svål i denne enden. På sørveggen av huset er det to svært spesielle glas. Kledningen på vedaskuten er festa med trenaglar. Huset vert lokalt kalla "Gamlabuo"

Krets 6 Lnr.23**Våningshus, Kolbeinstveit, Suldal**

Huset er sett opp kring 1850. Det står så å seia autentisk i dag. Sjølv om det her var "storfolk" som budde her, syner det svært godt korleis eit gardshus kunne sjå ut på den tida.

Huset er ein del av Ryfylkemuseet si samling på Kolbeinstveit, og er ope for publikum store deler av sommaren, og elles etter avtale. Huset er freda.

Krets 8 Lnr. 34 Våningshus, Li-tunet

Huset er i SEFRAK-registreringa tidfesta til 1600-talet. Peder Heskestad meiner i ein artikkel i "Ætt og Heim" 1953, at dette huset er sett opp i 1840.

Gang, kove, kjøkken og kammers er bindingsverk, medan sjølve stova er tømra. Huset er ein del av Li-tunet (miljø nr. 33).

Krets 8 Lnr. 35
Folgehus, "Litlastova", Li-tunet

Huset er i SEFRAK-registreringa tidfesta til 1600-talet. I følge Peder Heskestad er det bygd i byrjinga av 1800.

Ved inngangsdøra til loftet syner flyttemerke på tømmeret, og inne ser ein i begge langveggene endane av den avskortne beten. Tømmeret ovanpå er nokså røyksverta. Det kan tyda på at ein del av huset tidlegare har vore røykstove. Huset er ein del av Li-tunet (miljø nr. 33).

Krets 8 Lnr. 40
Drengestove, "Nyabua", Li-tunet

Huset er i SEFRAK-registreringa tidfesta til 1600-talet. I følge Peder Heskestad er "Nyabua" ein god del yngre en Gamlabua, og den er sett opp kring 1760.

Huset er ein del av Li-tunet (miljø nr. 33).

Krets 8 Lnr. 42
Drengestove, "Gamlabua", Li-tunet

Huset er i SEFRAK-registreringa tidfesta til 1600-talet. I følge Peder Heskestad er det bygt kring 1760. Huset har svalgangar på 3 sider. Det er bruka trenaglar til å festa kledningen utvendig og der det trongst i golv, himling og døroker (?). I tillegg til å vera soveplass har Gamlabua vore nytta til opphenging av besteklede. På loftet har det vore lagerrom for kjøt, fleisk og mjøl. Her står ennå fleire store kjer og tønner til mjøl, og i sperrene er det hol der det vart tredd i vidjer som kjøtet hang i. Det er fleire tjørerekrossar til vern mot trollskap i huset.

Huset er ein del av Li-tunet (miljø nr. 33).

Krets 12 Lnr. 26
Våningshus, Lølandstova, Løland

Dette huset er tidfesta til tida mellom 1650 og 1675. Huset har vore bruka til tingstove, og har òg hatt funksjon som bu. Forfattaren Rasmus Løland (1861-1907) kom frå denne garden, og sat ofte i Lølandstova og skreiv.

Heile stova er rosemåla på vegger og i taket. Også ein del av inventaret er rosemåla. Det er den kjende rosemålar Lars Aslagson Trageton frå Hallingdal som i 1798 stod for det arbeidet. Mange meiner at det var rosemåling i bua før den tid òg, og at Trageton har friska opp noko av det gamle.

Krets 15 Lnr. 22
Våningshus, Foss, Suldal

Den nordre stova er bygt i 1700. Den søre stova vart bygt til i 1860 av Torbjørn Foss.

Huset vart restaurert med nytt torvtak i 1965. Ein vedaskut i nordenden har bølgeblekktak. Det er opphavlege rokokkoglas i stovene. Dette huset syner svært godt korleis hus kunne sjå ut kring 1700-1800. Det er òg driftsbygning, stabbur, eldhus, smie og kvern på garden som er omlag like gamle og svært autentiske (miljø 42).



Våningshus, Foss

**Krets 18 Lnr. 3 Våningshus,
"Malenehuset", Håland, Erfjord**

Huset er tidfesta til 1775-1800, med spørsmål om det kan vera endå eldre. Heile stova er rosemåla og vert også kalla "Målarstova". Huset har vore bruka til tingstove.

Huset er sikra ved offentleg vedtak.

**Krets 21 Lnr. 1
Våningshus, Bjørklund, Ropeidhalvøya**

Stova mot nordaust er tidfesta til 1600-talet. Den andre stova og gangen mellom dei, vart bygt til i 1850-åra. Det vart samstundes lagt på 3 omfar på høgda og torvtaket vart skifta ut med pannetak. Heile huset fekk ny kledning i 1925. Det er framleis rokokkoglas i heile huset.

**Krets 21 Lnr. 31 Våningshus,
"Krististova", Kjølvik, Ropeidhalvøya**

Ein meiner at dette huset er bygt i 1720 av Torger Steinson Kjølvik. Det er kona hans, Kirsti Ellingsdotter som har gitt namn til huset. Fram til 1860 var det jordkjellar under huset. Det var berre 1 rom i dette huset fram til det i 1880 vart det bygt til ein gong mot nordaust. I 1889 vart huset bygt om til bedehus. I 1924 vart huset gjort om til verkstad og 10 år seinare, i 1934 vart det gjort til gardsmuseum. Denne funksjonen har det framleis.

Våningshus i kategori B:

Krets	L.nr	Objekt	Krets	L.nr	Objekt
1	7	våningshus, Tveit, Hamrabø	9	21	våningshus, Mo, "Moe"
1	15	våningshus, Tveit, Hamrabø	9	32	våningshus, Berjorden, "Bergjord"
1	18	våningshus, Tveit, Hamrabø	9	36	våningshus, Galland, "Hauane"
1	41	våningshus, Bjørkens, Hamrabø	9	45	våningshus, Ritland
1	80	våningshus, Lillehammer, "Vikjo"	9	49	våningshus, Nærheim
1	82	våningshus, Mogleiv	10	6	våningshus, Fjelberg, Aunå
1	105	våningshus, Klungtveit	10	12	våningshus, Fjelberg, "Aunå"
1	107	våningshus, Mogleiv	10	24	våningshus, Hjorteland
2	15	våningshus, Bratland, Brattlandsdal	10	25	våningshus, Hjorteland
2	19	våningshus, Kalsabø, Brattlandsdalen	10	30	våningshus, Foss, Lia
2	29	våningshus, Gautetun, Nesflaten	10	34	våningshus, Hjorteland
2	33	våningshus, Haugen, Oppistov, Nesfl	10	46	våningshus, Kalhus, "Bøen"
2	41	våningshus, Gautun, Bakkane, Nesfl	10	48	våningshus, Mæland, "Garden"
2	44	våningshus, Gautetun, Nesflaten	10	57	våningshus, Kalhus, Ulladalen
2	57	våningshus, Tornes, Brattlandsdalen	10	62	våningshus, Mæland, Holmen
2	58	våningshus, Tornes, Brattlandsdalen	10	64	våningshus, Løkken, Ulladalen
2	60	våningshus, Rossemyr, Brattlandsdal	11	7	våningshus, Selland
3	9	våningshus, Roalkvam, Oppigard	11	9	våningshus, Selland
3	16	våningshus, Roalkvam, Nigard	11	12	våningshus, Røirvik,
3	19	våningshus, Roalkvam, Nigard	11	17	våningshus, Ropeid
3	20	våningshus, Tufteskog, Bleskestad	12	30	våningshus, Tengesdal
4	1	bustadhus, Heimra Vetrhus Bråtveit	12	55	våningshus, Vanvik ytre
4	4	bustadhus, Vetrhus teigen, Vetrhus	12	56	våningshus, Tengesdal
4	15	bustadhus, Guggedalsbøen, Bråtveit	12	72	våningshus, Trøst, "Tengesdal"
4	47	bustadhus, "Indra Vetrhus", Bråtveit	12	82	våningshus, Ørå, Teigen, "Ørå
4	49	bustadhus, Sandviken, "Sandvik"	13	89	bustadhus, Lagartun, Sand
4	51	bustadhus, Sandviken, Bjønnsoplass	13	126	våningshus, Lauvås, Sand
5	4	våningshus, Øyestad	14	12	bustadhus, Eide, "Bjørkaren"
5	10	husmannstue, Øyestad, Haugen	14	19	bustadhus, Vela (gamlehuset)
5	15	våningshus, Bakke, Nistov	14	29	bustadhus, Førre, "Kuvikja"
5	16	våningshus, Bakke, Nistov	14	30	bustadhus, Lovernes
5	18	våningshus, Sukka, Stuv, gamle jo	15	11	våningshus, Hanakvam, Sand
5	22	våningshus, Bakke, "Oppistov"	15	26	våningshus, Foss, Suldal
5	33	våningshus, Sukka	16	1	våningshus, Bog, Erfjord
5	41	våningshus, Håvda, "Vikjo"	16	5	våningshus, Bog, Erfjord
6	11	våningshus, presteg. Vinge, S.osen 21	16	6	våningshus, Skjerehaugen
6	12	våningshus, presteg. vinge, S.osen	16	7	våningshus, Erøy "gamlehuset"
6	31	stove, Kolbeinstveit	16	8	våningshus, Farmandsvik, Erøy
6	42	våningshus, Åstun, Suldalsosen	17	1	våningshus, Lovre, Lovra
6	48	våningshus, Stråpe, "Stråpa"	17	5	våningshus, Kolstø, Erfjord
7	8	våningshus, Underbakke	17	9	våningshus, Rød østre, Erfjord
7	11	våningshus, Underbakke	17	26	våningshus, Kristihuset, Breivik
7	17	våningshus, Viasjå, "Lindemo"	17	27	våningshus, "Marthine" Breivik
7	26	våningshus, Lunde, (Annastova)	17	2	våningshus, Føljesvoll
7	32	våningshus, Lunde, Lensmannstykk	17	5	våningshus, Vik, Erfjord
7	33	våningshus, Lunde, Lensmannstykk	18	1	våningshus, Håland, Erfjord
7	36	våningshus, Sørrestad, Sørhus	18	2	våningshus, Håland, Erfjord
7	51	våningshus, Sørrestad, "Ronnane"	18	13	våningshus, Aas, Ås
8	10	våningshus, Tveitene nedre, "Vika"	19	3	våningshus, Tveit "Tveitebøen"
8	20	våningshus, Torsvik, Vika	19	5	våningshus, Tveit, (Oppistua)
8	27	våningshus, Valskår, (følgehuset)	19	9	våningshus, Lierstøl, Erfjord
8	32	våningshus, Valskår	19	12	våningshus, Natland, Jentehuse
9	6	våningshus, Kvæstad	20	2	våningshus, Lindal, Hebnes

Krets	L.nr	Objekt	Krets	L.nr	Objekt
20	3	våningshus, Frammigard Hebnes	23	15	våningshus, Utlebøen, Øvrabø
20	6	våningshus, Presteståva, Hebnes	23	19	våningshus, Øvrebø, Marvik
20	10	våningshus, Oppistova, Hebnes	23	23	våningshus, Indre Åserøy
20	20	våningshus, Vormstrand	23	25	våningshus, Åserøy Indre
20	22	våningshus, Vormestrand	23	30	våningshus, Hambornes
20	42	våningshus, Frøkenstykke, Foldøy	23	32	våningshus, Eikehaug, Hamborne
21	3	våningshus, Østhus, Bjørklund,	23	33	våningshus, Marvik
21	4	våningshus, Bjørklund, Stølahuset	24	4	våningshus, Meland, Berakvam
21	5	våningshus, Jekteviken	24	29	våningshus, Høyvik Ytre
21	14	våningshus, Oppheim, Tveitasjø	24	42	våningshus, Lunden, Høyvik
21	16	våningshus, Tveitaneset, Øspevik	24	45	våningshus, Ottøy
21	28	våningshus, Vintervik, Ropeidhal	24	51	våningshus, Hamra
21	33	våningshus, Gryte, Ropeidhalv.	25	5	bustadhus, Klunghaug, Jelsa,
21	38	våningshus, Bjørklund, Østhus	25	8	bustadhus, Klunghaug, Jelsa
22	5	våningshus, Sildeli, Ropeidhalv	25	25	bustadhus, Nordnes, Jelsa
22	6	våningshus, Furelund, Kalvik	25	55	bustadhus, Barkeland, Jelsa
22	7	våningshus, Kalvik, Vatlandsvåg	25	58	bustadhus, Klunghaug, Jelsa
22	8	våningshus, Kalvik, Jonashuset	25	59	bustadhus, Klunghaug, Jelsa
22	17	våningshus, Kalvikneset	26	8	våningshus, Romsbotn
22	31	våningshus, Soltun, Solhaug	26	9	våningshus, Romsbotn
22	32	våningshus, Solhaug	26	13	våningshus, Økstre, "Økstra"
22	34	våningshus, Bratland, Fjetland	26	18	våningshus, Eskedal
22	35	våningshus/kårhus, Fjetland	27	1	våningshus, Søndre Rosseid
22	38	våningshus Bratland Austmanna	27	6	arbeidshus, Finnvik
22	43	våningshus, Fjetland, Refsbygda	27	11	våningshus, Torsteinsbø
23	1	våningshus, Soland, Marvik	27	19	våningshus, Ytre Rødne, Finnvik
23	8	arbeidshus, Gjerdsvoll, Marvik	27	20	våningshus, Ytre Rødne, Finnvik

Stabbur

Det er totalt registrert 56 hus med føremål stabbur i Suldal. 11 av desse er sett i kategori A, 35 i kat. B og 10 i kat. C.

Det er stort sett berre i Suldalsdalføret at ein finn stabbur. Det er dessutan registrert 6 stk. kring Hylsfjorden.

Ein ser at stabbura stort sett er tatt svært godt vare på. Dei er ofte framleis i bruk til lagerføremål, om det ikkje lenger er til korn og spekeskinker.

Stabbur i kategori A:

Krets	L.nr	Objekt
1	25	Stabbur, Havrevoll, Hamrabø
2	5	Stabbur, Gautun, Nesflaten
3	10	Stabbur, Roaldkvam
3	11	Stabbur, Roaldkvam
4	7	Stabbur, Vetrhus, Bråtveit
5	5	Stabbur, Øystad, Kvilldal
6	26	Loft, "Guggedalsloftet", Kolbeinstveit
8	43	Stabbur, Li-tunet
8	44	Stabbur, Li-tunet
12	62	Stabbur, Bjerga, Hylsfjorden
15	23	Stabbur, Foss, Suldal

Krets 1 Lnr. 25

Stabbur, Havrevoll, Hamrabø


Huset er frå 1700-talet. Det er restaurert og godt vedlikehalde.

I tillegg til eigenverdien er det ein viktig del av garden Havrevoll (miljø nr. 2).

Krets 2 Lnr. 5

Stabbur, Gautun, Nesflaten

Dette huset er tidfesta til 1450. Dette er ei svært usikker tidfesting. Huset har gjennomgått fleire endringar utvendig. Det er ikkje registrert korleis huset er innvendig.



Stabbur, Hjorteland

Krets 3 Lnr. 10 Stabbur, Roaldkvam

Huset vert kalla "Stora stabburet". Det har vore stabbur sidan 1800.

Huset skal ha blitt sett opp som røykstove kring 1500. Truleg vart huset flytta samstundes som det endra bruk. Det vart også bygt på ein lem då. Inne i huset er det ei korn-børa.

Krets 3 Lnr. 11 Stabbur, Roaldkvam

Dette er "Litla stabburet". Det vart som Stora Stabburet, sett opp som røykstove kring 1500 og gjort om til stabbur kring 1800. Det vart då flytta og bygt på 3 omfar.

Huset vert nå nytta til lager for gamle gjenstandar.

Krets 4 Lnr. 7
Stabbur, Vetrhus, Bråtveit

Huset er tidfesta til 1700.

Dette stabburet skil seg frå dei andre ved at det er to lafta stabbur som er bygt saman med ein midtgong i bindingsverk. Det eine stabburet er til garden, det andre til folgehuset. Den eine delen er framleis i bruk.

Krets 5 Lnr. 5
Stabbur, Øystad, Kvilldal

Stabburet på Øystad er frå ein gong mellom 1800 og 1825. Dette er eit stort hus på heile 8,1 x 4,6 m. Det er lafta og har torv på taket. I eine mønet er det matklokke

Krets 6 Lnr. 26
Stabbur, Guggedalsloftet, Kolbeinstveit

Den øvre delen av huset er tidfesta til midten av 1200-talet. Den nederste delen til først på 1400-talet.

Huset er flytta frå Guggedal i Bråtveit. Det er no ein del av Ryfylkemuseet si samling på Kolbeinstveit. Huset er freda.


Krets 8 Lnr. 43 **Stabbur, Li-tunet**

Huset er i SEFRAK-registreringa tidfesta til 1600-talet. Truleg er det meir rett å seia midt på, eller i slutten av 1700-talet.

Kledningen er festa til veggen med trenaglar. Vindskeiene har ei særmerkt utforming. Huset er ein del av Li-tunet (miljø nr. 33).

Krets 8 Lnr. 44
Stabbur, "Endabua", Li-tunet

Huset er i SEFRAK-registreringa tidfesta til



Stabbur, Vetrhus, Bråtveit

1600-talet. Halvor Vreim som har gjort oppmåling av Li-tunet, meiner at røykstova som denne bua tidlegare var ein del av, kan vera bygt i førstninga av 1700-talet. Det vart bygt ei svål til endebua i 1938. Endebua har truleg vore eine stova i ei gamal røykstove med 3-delt romløyising.

Huset er ein del av Li-tunet (miljø nr. 33)

Krets 10 Lnr. 23
Stabbur, Hjorteland nordre

Stabbur frå 1700-talet.

Huset er tømra og bordkledd på to sider. 2. etasje er trekt ut over inngangsdøra.

Krets 12 Lnr. 62 **Stabbur, Bjerga**

Huset er frå første del av 1700, eller muligens slutten av 1600.

Huset er tømra og har 2 rom.

Krets 15 Lnr. 23 Stabbur, Foss, Suldal

Stabbur frå 1700. Huset er i 1½ etasje.
Denne typen stabbur i 1½ etasje med bordkledning utanpå, går igjen på mange gardar i Suldal.

I tillegg til eigenverdien er det ein viktig del av ein komplett gard frå 1700-talet (miljø nr. 42)

Stabbur i kategori B:


Krets	L.nr	Objekt	Krets	L.nr	Objekt
1	3	stabbur, Austrå, Hamrabø	5	40	stabbur, Sukka
1	40	stabbur, Bjørkenes, Hamrabø	6	2	stabbur, Tjukkeng, S.osen
1	43	stabbur, Bjørkenes, Hamrabø	6	15	stabbur, prestegården, S.osen
1	94	stabbur, Tveit, Hamrabø	6	17	stabbur, Hoftun, Suldalsosen
1	97	stabbur, Lalid	6	27	stabbur, Kolbeinstveit
2	32	stabbur, Avinskei Fjellheim, Overskei	6	30	stabbur/lauvskjul, Kolbeinstveit
2	45	stabbur, Gautetun, Nesflaten	6	46	stabbur, Stråpe, "Neigarden"
2	62	stabbur, Rossemyr, Brattlandsdalen	6	53	stabbur, Stråpe, Brauto
3	22	stabbur, Tufteskog, Bleskestad	6	64	stabbur, Veke, Dalane
4	19	stabbur, Bråtveit, "Neriståvå"	7	21	stabbur, Tjøsheim, "Tårkevoll"
4	21	stabbur, Bråtveit, "Oppiståvå"	8	30	stabbur, Vallskår
4	48	stabbur, Sandviken, "Sandvik"	9	8	stabbur, Kvæstad
5	1	stabbur, Slagstad, "Nesheim"	9	18	stabbur, Førland
5	12	stabbur, Bakke, "Nistov"	9	22	stabbur, Mo, "Moe"
5	19	stabbur, Sukka, Stuv	12	86	stabbur, Øråteigen, Hylsfjorden
5	23	stabbur, Bakke, "Oppistov"	15	31	stabbur, Foss, (museum)
5	34	stabbur, Sukka			

Jordkjellarar

I ytre deler av kommunen har ein hatt jordkjellarar til oppbevaring av ulike matvarer. Det er registrert 15 jordkjellarar i SEFRAK-registeret. Av desse er 1 sett i kat. A, 6 i kat. B og 8 i kat. C. Det som mest skil dei ulike jordkjellarane er graden av forfall.

Krets 21 Lnr. 2 Jordkjellar, Østhus, Bjørklund, Ropeidhalvøya

Det som skil denne kjellaren frå dei andre er at den har 2 rom. Dei to romma er skilde med ein delevegg av naturstein med bindemiddel i fugene. Dei har kvar sin inngang. I det eine rommet vart det lagra poteter. I den andre vart det oppbevart salt kjøtt og fleisk i saltestampar.



Snitt gjennom jordkjellar, Bjørklund etter teikning av Jarleiv Bjørklund.

Jordkjellarar i kategori B:

Krets	L.nr	Objekt
11	10	jordkjeller, Selland
24	5	jordkjeller, Meland, Berakvam
20	19	jordkjeller, Vormestrand
25	68	jordkjeller, Jelsa
20	31	jordkjeller, Østebø, Vormestrand
26	20	jordkjeller, Gjerdehaugen, "Eskedal"

Eldhus

Det er registrert 88 eldhus knytta til gardar. Av desse er 4 stk. sett i kategori A, 55 i kat. B og 29 i kat. C.

Svært mange av eldhusa har fått fjerna grue og skorstein og vert nå nytta til lagerføremål. Det er i evalueringa blitt lagt vekt på om grua og skorsteinen er intakt. Der dette kjem fram av registreringskortet, er objektet gitt høgare verdi, både i sosialhistorisk perspektiv og på pedagogisk potensiale. Det er ikkje alltid at registrator har vore inne i huset, og ein har difor ikkje opplysningar om fleire av objekta har grua i behald. Ei nærare undersøking kan avsløra dette og kanskje føre til at fleire av eldhusa kan justerast opp i karakter.

Eldhus i kategori A:

Krets	L.nr	Objekt
7	35	Eldhus, Sørstad, Suldal
8	37	Eldhus, Li-tunet
15	25	Eldhus, Foss, Suldal
20	23	Eldhus, Vormestrand, Ropeidhalvøya

Krets 7 Lnr. 35

Eldhus, Sørstad, Suldal

Eldhuset på Sørstad skal i.flg fredningsliste vera frå 1350. Eigaren meiner at huset stammar frå 2. etasjen på eit gammalt våningshus (bu) på garden. Huset vart i 1870 flytta ca 50 m i vestleg retning.

Inne i eldhuset er det grue og ein gamal baka-romn. Rundt døra er det utskjeringar. Taket har teglstein på den eine sida og bølgeblekk på den andre. Taket vart bytta i 1900.

Huset er oppmålt av Arne Berg og freda ved offentlig vedtak.

Krets 8 Lnr. 37 Eldhus, Li-tunet

Huset er i SEFRAK-registreringa tidfesta til 1600-



Eldhus, Gautun, interior.

talet. Halvor Vreim meiner huset er frå tidleg 1700-talet.

Det renn ein bekk midt gjennom huset. Ein når ned til vatnet gjennom ein opning i det hellelagte golvet. Det er og ei handkvern i det eine hjørna. Huset er ein del av Li-tunet (miljø nr. 33)

Krets 15 Lnr. 25 Eldhus, Foss, Suldal

Huset er frå omlag 1700.

Inne i eldhuset er det grue av naturstein og ein av dei gamle bakaromnane.

I tillegg til eigenverdien, er dette huset ein del av eit komplett gardstun frå tidleg 1700. (miljø nr. 42).

Krets 20 Lnr. 23 Eldhus, Vormestrand, Ropeidhalvøya

Ein meiner at huset er frå første del av 1700.

Det er grue innerst i huset, men skorsteinen er diverre teken ned. Det som er særeige for dette huset, er at det har ei oppkomme (kjelde) midt i rommet.

Eldhus i kategori B:

Krets	L.nr	Objekt	Krets	L.nr	Objekt
1	4	eldhus, Austerå, Hamrabø	12	24	eldhus, Løland
1	11	eldhus, Tveit, "Tveitadn", Hamrabø	12	31	eldhus, Tengestad
1	63	eldhus, Havrevold, "Skarstøl"	12	41	eldhus, Naustflåta, ytre Vanvik
1	86	eldhus, Mogleiv	16	4	eldhus, Bog, Erfjord
1	100	eldhus, Lalid	17	6	eldhus, Kolstø, Erfjord
1	104	eldhus, Klungtveit	17	14	eldhus, Sørhus, Erfjord
1	111	eldhus, smie, Mogleiv	17	22	eldhus, Tysse, Erfjord
2	3	eldhus, Vallareviken, Vadlarvika	17	36	eldhus, Vik, Erfjord
2	4	eldhus, Gautun, Bakkadden, Nesflaten	18	14	eldhus, Aas, Ås, Erfjord
2	46	eldhus, Gautetun, Nesflaten	19	7	eldhus, Maribu, Erfjord
2	61	eldhus, Rossemyr, Brattlandsdalen	19	14	eldhus, Natland, Erfjord
4	16	eldhus, Bråtveit, "Neriståvå"	20	8	eldhus, "Prestestova", Hebnes
4	23	eldhus, Bråtveit, "Oppiståvå"	20	11	eldhus, Oppiståva, Hebnes
4	33	eldhus, Guggedal, Bråtveit	20	21	eldhus, Vormestrand, "Sagen"
5	44	eldhus, Helgenes	20	28	eldhus, Dysja, Ropeidhalvøya
6	3	eldhus, Mehus, "Tjukkeng", S.osen	20	49	eldhus, Frøkenstykket, Foldøy
6	13	eldhus, Prestegården, Vinge, S.osen	21	7	eldhus, Jekteviken, Ropeidhalvøya
6	28	eldhus, Kolbeinstveit	21	12	eldhus, Tveitasjøen, Ropeidhalvøya
6	47	eldhus, Stråpa, "Neigarden"	22	9	eldhus, Kalvik, Vatlandsvåg
7	22	eldhus, Tjøstheim, "Tårkevoll"	22	28	eldhus, Kleppe øvre, "Haug"
7	43	eldhus, Sørrestad	23	20	eldhus, Øvrebø
7	45	eldhus, Sørrestad	24	6	eldhus, Meland, Berakvam
7	52	eldhus, Sørstad, "Ronnane"	24	13	eldhus, Naustmyren, Berakvam
8	11	eldhus, Tveitene nedre, vika	24	31	eldhus, Høyvik ytre, ytre Høyvik
9	28	eldhus, Mo, "Moe"	25	61	eldhus, Klunghaug, Jelsa
10	31	eldhus, Føss, Lia	25	72	eldhus, Prestegården, "Bergje"
11	13	eldhus, Røirvik, Røyrvik	27	7	eldhus, Finnvik, Finnvik
12	2	eldhus, Tjelmeland	27	17	eldhus, ytre Rødne, Finnvik
12	13	eldhus, Vanvik indre, "Krossen"	27	24	eldhus, ytre Rødne, Finnvik
12	21	eldhus, Løland			

Badstover

Det er registret 18 objekt med føremål badstove. 2 av desse er sett i kategori A, 12 i kat. B og 4 i kat. C.

Badstovene er registrerte som hus for personleg reinhald, men mange av dei har nok vore bruka til tørking av korn. Dei aller fleste badstovene er nå i bruk til allmenne lagerføremål.

Badstover i kategori A:

Krets	L.nr	Objekt
1	30	Badstove, Havrevoll, Hamrabø
10	39	Badstove, Hjorteland, Hjorteland

Badstover i kategori B:

Krets	L.nr	Objekt
1	13	badstu, Tveit, Hamrabø
6	19	badstu, Hoftun, Suldalsosen
3	12	badstu, Roalkvam, "Oppigard"
6	32	badstu, Kolbeinstveit
4	45	badstu, Indra Vetrhus, Bråtveit
7	38	badstu, Sørestad, Sørhus
5	7	røykeri, Øyestad, Kvilldal
9	3	badstu, Kvæstad
5	25	badstu, Bakke, "Oppistov"
10	9	badstu, Fjelberg, Aunå
6	10	badstu, Mehush, Suldalsosen
10	26	badstu, Hjorteland

Krets 1 Lnr. 30

Badstove, Havrevoll, Hamrabø

Badstova ligg omlag 100 m frå tunet i Havrevoll, ved bekken. Huset er tidfesta til 1700-talet.

I tillegg til eigenverdien, er huset ein viktig del av heilheten i garden Havrevoll (miljø 2).

Krets 10 Lnr. 39 Badstove, Hjorteland

Dette huset er tidfesta til 1600-talet. Huset vert no bruka til sauehus. Dette betyr at alt opphavleg inventar er fjerna. Eigaren vil flytta huset til ein annan stad på garden (1991). Huset er god bevart i eksteriøret, og har framleis torv på taket. Lafteplankane er handøksa.

Driftsbygningar

Det er registrert 163 hus for fleire dyreslag, fôr og reiskapar under eit tak. Av dei er 2 i kat. A, 83 i kat. B og 78 i kat. C. I tillegg er det registrert 125 hus for eit einskild dyreslag. Dette vert presenterte sortert på kvart einskild dyreslag.

Driftsbygningar har mykje vore gjennom same utviklinga som våningshusa. Dei er blitt reparert og bygt på etter som behova har endra seg. Det som skil seg frå endringane på våningshusa er at hovudkroppen i driftsbygningen ofte står nokså intakt, medan det er bygt på utbygg til dei ulike nye behova.

Det tydelegaste utviklingstrekket er siloane. Dette er store installasjonar som står på sida av den opphavlege bygningen. Eit anna tydeleg utviklingstrekk er trongen for eige rom til melke-maskin/tank. Elles er det ofte bygt på eigen fløy til sauahus, grishus ol. for å samla alle delene av drifta innafør ein bygning.

Driftsbygningar i kategori A:


Krets	L.nr	Objekt
8	41	Driftsbygning, Li-tunet
19	10	Driftsbygning, Liarstøl, Erfjord

Krets 8 Lnr. 41 Driftsbygning, Li-tunet

Huset er i SEFRAK-registreringa tidfesta til 1600-talet. I Peder Heskestad sin artikkel er huset tidfesta til 1844.

I underetasjen som er bygt i naturstein, er det fjøs, sauehus, geithus og gjødselkjellar. Over er det høyløe som er bygt i bindingsverk.

Huset er ein del av Li-tunet (miljø nr. 33).



Driftsbygning, Li-tunet.

Krets 19 Lnr. 10 Driftsbygning, Liarstøl, Erfjord

På ei dør i saueskuten står det 1618. På dørene er det gamle låsar og hengsler).

Fjoset er lafta, saueskutane og vedaskuten er i stav/grindkonstruksjon. Bordkledningen er festa med trenaglar. Det vart lagt nytt tak (aluminiumsplater) på huset i 1970.

Driftsbygningar i kategori B:

Krets	L.nr	Objekt	Krets	L.nr	Objekt
1	9	driftsbygn. Tveit, Hamrabø	10	49	driftsbygn. Mæland, "Garden"
1	32	driftsbygn. Vikane, Hamrabø	10	58	driftsbygn. Kalhus, Ulladalen
1	42	driftsbygn. "Bjørkenes", Hamrabø	10	63	driftsbygn. Mæland, "Holmen"
1	48	driftsbygn. "Bjørkenes", Hamrabø	11	6	driftsbygn. Ås
1	78	driftsbygn. Litlehamar	11	8	driftsbygn. Selland
1	84	driftsbygn. Mokleiv	12	22	driftsbygn. Løland
1	93	driftsbygn. Lalid	12	32	driftsbygn. Tengesdal
1	101	driftsbygn. Klungtveit, "Flåto"	12	34	driftsbygn. Vanvik ytre
1	110	driftsbygn. Mokleiv	12	43	driftsbygn. Hylen
2	13	driftsbygn. Bratland, Brattlandsdalen	12	64	løe/vedbod, Indre Bjerga
2	17	driftsbygn. Bratland, Brattlandsdalen	12	70	driftsbygn. Bjerga ytre,
2	18	driftsbygn. Bratland, Kalsabø	12	76	driftsbygn. Tengesdal, Hagastyk
2	35	driftsbygn. Solbakken, Moen, Nesfl.	13	129	driftsbygn. Løeveien, Sand
2	43	driftsbygn. Gautetun, Bakkadn, Nesfl.	14	23	driftsbygn. Hauge, "Fiskeberget"
2	49	driftsbygn. Åsheim, Brattlandsdalen	15	29	driftsbygn. Foss, Suldal
3	21	driftsbygn. Tufteskog, Bleskestad	16	9	driftsbygn. Farmandsviken, Erøy
3	28	driftsbygn. Nordmork, Bleskestad	17	2	driftsbygn. Lovra, Erfjord
3	31	driftsbygn. Blekestad, Nordmork	17	8	driftsbygn. Kalstø, Erfjord
4	5	driftsbygn. Vetrhus, Vetrhus teigen	17	13	driftsbygn. Sørhus, Erfjord
4	34	driftsbygn. Guggedal, Bråtveit	17	23	driftsbygn. Tysse, Erfjord
5	2	driftsbygn. Træet, Bøen	18	15	driftsbygn. Ås, Erfjord
5	11	driftsbygn. Øyestad, Haugen	19	1	driftsbygn. Tveit, Erfjord
5	28	løe, Vikjo, Kvilldal	19	4	driftsbygn. Tveitebøen, Erfjord
5	60	løe, Hedlestøl, Kvilldal	20	29	driftsbygn. Dysje, Dysja
6	14	driftsbygn. prestegården Vinge S.osen	21	6	driftsbygn. Jekteviken.
6	24	driftsbygn. Kolbeinstveit	21	13	driftsbygn. Tveitasjøen
6	45	driftsbygn. Stråpe, "Neigarden"	21	29	driftsbygn. Vintravika
6	69	løe, Tjørebakk, Vætingen	21	34	driftsbygn. Gryte, Ropeidhalvøya
7	18	driftsbygn. Viasjå, "Lindemo"	21	35	driftsbygn. Gryte, (Toraløa)
7	34	driftsbygn. Lunde, Lensmannsstykket	22	36	driftsbygn. Bratland, (gamlaløa)
7	41	driftsbygn. Sørstad	22	39	driftsbygn. Fjetland, Utehagen
7	49	driftsbygn. Sørstad	22	44	driftsbygn. Fjetland, Refsbygd
7	53	driftsbygn. Sørstad, "Ronnane"	23	16	driftsbygn. Utlebøen, Øvrabø
7	65	løe, Tjøstheimsandsa, Sandsa	23	18	driftsbygn. Øvrabø, Marvik
8	13	driftsbygn. Tveitene nedre, Vika	23	31	driftsbygn. Hamborneset
9	11	driftsbygn. Herabakke	24	2	driftsbygn. Meland, Berakvam
9	37	driftsbygn. Galland, "Hauane"	24	12	driftsbygn. Naustmyren, Berakvam
10	2	driftsbygn. Fjellberg, Bøen	24	30	driftsbygn. Høyvik ytre
10	4	driftsbygn. Fjelberg	25	53	driftsbygn. Tveiteraaen, Tveitarå
10	15	hestestall, Fjeldberg	27	16	driftsbygn. Ytre Rødne
10	17	driftsbygn. Fjelberg, "Aunå"	27	22	driftsbygn. Ytre Rødne
10	27	driftsbygn. Hjorteland			
10	32	driftsbygn. Foss, Lia			
10	40	driftsbygn. Hjorteland			

Hus for einiskilde dyreslag

Ein av dei store skilnadene på gardsdrift tidlegare og i dag, er at tidlegare hadde ein eit hus for kvart dyreslag, medan ein nå har alle dyreslaga samla under eit tak.

Det er i denne evalueringa 125 hus for fleire dyreslag. Nokre av dyreslaga er det svært få hus til. Dette kjem ofte av at dei held til saman med nokre andre dyr, og husa er rekna opp på dei. Dette gjeld t.d. hønsehus, som det er lett å ha i ein liten del av eit anna hus.

Hus for storfe

Det er registrert 17 hus for storfe i materialet. 2 er sett i kat. A, 14 i kat. B og 1 i kat. C.

Mange av storfefjøsa er sommarfjøs eller buhus som dei ofte vert kalla lokalt. Desse står eit stykke borte frå gardstunet og vart nytta til melking av kyrne når dei gjekk ute på beite om sommaren.

Hus for storfe i kategori A:

Krets	L.nr	Objekt
1	50	Kalvehus, Bjørkenes, Hamrabø
8	45	Fjos, Li-tunet

Krets 1 Lnr. 50

Kalvehus, Bjørkenes, Hamrabø

Huset er tidfesta til 1700-talet. Det har trenaglar i lafteveggen.

Kalvehuset står i Kallhagen (kalvehagen) omlag 200 m frå tunet på Bjørkenes.

Krets 8 Lnr. 45 Fjos, Li-tunet

Huset er i SEFRAK-registreringa tidfesta til 1600-talet. Peder Heskestad meiner at huset er frå første halvdel av 1700-talet.

Ein del av kledningen på baksida er øksa og festa til veggen med trenaglar. Dei fire øvste omfara manglar kledning. Bjelkane som ber lægolvet, går tvers igjennom veggene, og lange kilar er drivne i utvendig for å halda langveggene på plass.

Huset er ein del av Li-tunet (miljø nr. 33).

Hus for storfe i kategori B:

Krets	L.nr	Objekt
1	88	sommarfjøs, Tveit, Hamrabø
21	37	sommarfjøs, Gryte, (buhuset)
4	10	lœ, Håvestølen, Bråtveit
22	24	sommarfjøs, Haug, buhagen
5	78	storfefjøs, Månastøl
22	24	sommarfjøs, Haug, buhagen
9	64	storfefjøs, Mo, "Rota"
22	24	sommarfjøs, Haug, buhagen
12	85	storfefjøs/sauehus, Ørå, Hylsfjorden
25	64	sommarfjøs, buhus Klunghaug
15	28	sommarfjøs, Foss
25	66	sommarfjøs, buhus Jelsa
18	16	staurhus, Aas, Erfjord
26	4	sommerfjøs, Fuglestein
27	2	buhus, Søndre Rosseid, Finnvik

Sauehus/geithus

Det er registrert 30 hus for sau og geit. 3 er sett i kat. A, 21 er sett i kat. B og 6 i kat. C.

Sauehus/geithus i kategori A:

Krets	L.nr	Objekt
5	6	sauehus, Øyestad, Kvilldal
8	36	Sauehus, Li-tunet
10	38	Sauehus, Hjorteland

Krets 5 Lnr. 6

Sauehus, Øyestad, Kvilldal

Huset er sett opp ein gong mellom 1800 og 1825. Det er flyttemerke på ein del av tømmeret. Huset er heile 12,6 m langt. Det har torv på taket.

Krets 8 Lnr. 36 Sauehus, Li-tunet

Huset er i SEFRAK-registreringa tidfesta til 1600-talet. Peder Heskestad seier ikkje noko om byggjeår for dette huset, men det er lite truleg at det er eldre enn dei andre husa på garden. Huset er ein del av Li-tunet (miljø nr. 33).

Krets 10 Lnr. 38 Sauehus, Hjorteland

Huset er tidfesta til 1600-talet. Laftetømmeret er handøksa. Taket er tekka med bølgeblekk. Elles er huset i god stand og godt autentisk. Det er framleis i bruk som sauehus.

Sauehus/geithus i kategori B:

Krets	L.nr	Objekt
1	17	sauehus, Tveit, Hamrabø
1	95	sauehus, Tveit, Hamrabø
1	103	sauehus, Klungtveit
1	108	sauehus, Møkleiv
1	109	sauehus, Møkleiv
7	39	sauehus, Sørøstad, Sørhus
7	48	sauehus, Sørøstad
7	76	sauehus, geitefjøs, Tjøstheim, Nystøl
8	31	sauehus og sag, Valskår
10	16	sauehus, Fjelberg, "Aunå"
10	19	geithus, Fjelberg
11	21	geithus, Ropeid
12	44	sauehus, Hylen
12	45	sauehus, Hylen
12	66	snekkerverkstad, Indre Bjerga
12	67	sauehus, Bjerga indre
12	69	sauehus, hønehus, Bjerga indre
12	75	sauehus, Tengesdal, "Hagastykkje"
14	32	sauehus, Lovernes
17	28	sauehus, Vasbø, Breivikja
27	23	geithus, Ytre Rødne, Finnvik

Grishus

6 hus er registrert som grishus. Ingen er sett i kat. A, 5 i kat. B og 1 i kat. C.

Grishus i kategori B:

Krets	L.nr	Objekt
1	14	grisehus, Tveit, Hamrabø
1	45	grisehus, Bjørkenes, Hamrabø
8	38	grishus, Li-tunet
10	14	grisehus, Fjelberg, "Aunå"
26	10	hønehus, Romsbotn



Grisehus, Bjørkenes, Hamrabø.

Hesthus

Det er registrert 7 hesthus i kommunen. 2 av desse er sett i kat. A. Det er stort sett alderen som skil desse to frå dei andre. 4 hesthus står i kat. B og 1 i kat. C.

Hesthus i kategori A:

Krets	L.nr	Objekt
1	27	Hestestall, Havrevoll, Hamrabø
8	39	Hestestall, Li-tunet

Krets 1 Lnr. 27

Hestestall, Havrevoll, Hamrabø

Hesthuset på Hamrabø er tidfesta til midt på 1600-talet. Det er inngravert årstalet 1664 på laftetømmeret. Det har ikkje stått på same plassen heile tida. Det vart flytta frå Kleivo ein gong mellom 1850 og 1875. Dette er eit ganske stort hus, 7,10 x 4,6 m. Det er godt vedlikehalde

I tillegg til eigenverdien er det ein vesentleg del av tunet på Havrevoll (miljø nr. 2).

Krets 8 Lnr. 39 Hestestall, Li-tunet

Huset er i SEFRAK-registreringa tidfesta til 1600-talet. Peder Heskestad seier ikkje noko om byggjeår for dette huset, men det er lite truleg at det er eldre enn dei andre husa på garden.

I forhold til hesthuset på Havrevoll er dette eit lite hus. I artikkelen til Heskestad står det 2,5 x 2,5 m, men at det er bygt til eit lite rom av bindingsverk i eine enden.

Huset er ein del av Li-tunet (miljø nr. 33).

Hesthus i kategori B:

Krets	L.nr	Objekt
3	29	hestestall, Nordmork, Bleskestad
5	21	hestestall, Steinbru, "Nistov"
6	16	hestestall, prestegården, Suldalsosen
6	25	hestestall, Kolbeinstveit

Hønshus

Det er registrert 2 hus for fjørfe. Begge desse er sett i kat. C.

Hønshusfunksjonen vil nok ofte vera ein del av eit hus som er sortert under eit av dei andre dyreslaga eller i hus med annan tilknytning til huset (vedhus ol.). Det er registrert 11 hus med hønshus som sekundær funksjon. Desse kjem ikkje med i denne oppsummeringa.

Smier

Det er registrert 21 smier i materialet. 3 av desse er sett i kat. A. 17 smier er i kat. B og berre 1 i kat. C. Det er i tillegg 4 hus som har smie som sekundær funksjon.

Det er som ved kvernhus og eldhus, lagt vekt på om inventaret (esse, belg, skorstein) er intakt. Svært mange smier er blitt rydda innvendig og bruka til lager. Ei nærare synfaring på smier som det ikkje er reg. inventar i, kan føre til at fleire hus vert gradert opp.

Smier i kategori A:

Krets	L.nr	Objekt
2	63	Smie, Rossemyr, Nesflaten
10	37	Smie, Hjorteland
15	24	Smie, Foss, Suldal

Krets 2 Lnr. 63

Smie, Rossemyr, Nesflaten

Smia på Rossemyr er ikkje tidfesta i registreringa. Denne smia skil seg frå dei andre ved at ho er bygd opp av naturstein opp til raftet. Innvendig er det registret belg, sjølv om noverande funksjon er rotelager.

Krets 10 Lnr. 37 Smie, Hjorteland

Denne smia er tidfesta til ein gong på 1600-talet. Lafteplankane er tiløksa for hand.

Smia er ennå i bruk for reparasjon av gardsreiskapar.

Krets 15 Lnr. 24 Smie, Foss, Suldal

Huset er frå omlag 1700.

Det har fått tak av bølgeblekk. Innvendig er det komplett med esse og belg.



Interiør frå smia på Foss

I tillegg til eigenverdien, er dette huset ein del av eit komplett gardstun frå tidleg 1700 (miljø 42).

Smier i kategori B:


Krets	L.nr	Objekt
	16	smie, Tveit, "Tveitadn", Hamrabø
	29	smie, Havrevold, Hamrabø
	44	smie, Birkenes, Bjørkenes, Hamrabø
	36	smie, Gautetun, Oppistov, Nesflaten
	26	smie, Bråtveit, "Oppiståvå"
	8	smie, Øyestad
	26	smie, Bakke, "Oppistov"
	5	smie, Mehus, Tjukkeng, litle hagen
	29	smie, Kolbeinstveit
	66	smie, Veke, "Dalane"
	27	smie, Lunde, "Smidjeløkka"
	29	smie, Vallskår,
	10	smie, Fjelberg, "Aunå"
	6	smie, Fatnes vestre
	12	smie, Vanvik indre, "Krossen"
	23	smie, Løland
	24	smie, Høyvik ytre

Kvernhus

Det er registrert 46 kvernhus. Av desse er 4 stk. sett i kat. A, 37 i kat. B og 5 i kat. C.

Det er viktig for verdien av ei kvern at inventaret er intakt. Nokre av registreringskorta viser dette klart med teikning og av og til foto. På andre kjem det ikkje fram inventar, anten fordi det ikkje finst eller fordi ein ikkje har vore inni huset og sett etter. Nærare undersøking kan kanskje føre til at nokre av husa vert oppgradert.

Kvernhus og tørke på Øystad i Kvilldal er ikkje registrert i SEFRAK. Desse husa er eigd av Ryfylkemuseet, og ville truleg kome høgt opp i ei evaluering.



Interiør, kvernhus, Tveit, Hamrabø.

Kvernhus i kategori A:

Krets	L.nr	Objekt
1	28	Kvernhus, Havrevoll, Hamrabø
1	46	Kvernhus, Bjørkenes, Hamrabø
10	29	Kvernhus, Hjorteland
15	32	Kvernhus, Foss, Suldal

Krets 1 Lnr. 28

Kvernhus, Havrevoll, Hamrabø

Huset er tidfesta til 1700-talet. Det er godt vedlikehalde. Det er usikkert om inventaret er intakt. Kverna ligg omlag 500 m frå tunet i Havrevoll, ved bekken.

I tillegg til eigenverdien, er huset ein viktig del av heilheten i garden Havrevoll (miljø nr. 2).

Krets 1 Lnr. 46

Kvernhus, Bjørkenes, Hamrabø

Eigaren meiner at kverna er frå 1700-talet. Dette er noko usikkert. Det står 1875 rissa inn på laftestokk. Kverna var i bruk fram til 1946. Av biletet kan ein sjå at kvernkallen er intakt (1991). Det er uklart om kvernsteinar og anna inventar er på plass. Huset vert no bruka til

lagring av dynamitt.

Kverna ligg saman med tørkehus like ved bekken og ikkje langt frå tunet på Bjørkenes (miljø nr. 3). Om inventaret er intakt i kverna og tørka, vil husa ha eit stort pedagogisk potensiale.

Krets 10 Lnr. 29 Kvernhus, Hjorteland

Kvernhuset er tidfesta til 1600-talet. Det er godt vedlikehalde.

Huset ligg saman med korntørka og desse to husa har eit stort pedagogisk potensiale.

Krets 15 Lnr. 32 Kvernhus, Foss, Suldal

Kvernhus frå 1700-talet. Huset har bølge-eternitt på taket.

Kverna skil seg frå dei andre ved at det er bygd tørkehus like inntil, som ein skut til kverna. I tillegg til eigenverdien, er dette huset ein del av eit komplett gardstun frå tidleg 1700. (miljø 42).

Kvernhus i kategori B:

Krets	L.nr	Objekt	Krets	L.nr	Objekt
1	5	kvernhus, Austerå, Hamrabø	7	57	kvernhus, Sørstad, "Hauen"
1	52	kvernhus, Austerå, Hamrabø	8	16	kvernhus, Torsvik, Vika
1	96	kvernhus, Tveit, Hagabrua, Hamrabø	8	28	kvernhus, Valskår, "Valskår"
2	22	kvernhus, Tornes, Flåtene,	9	40	kvernhus, m/tørke, Kvednaholo
2	23	kvernhus, Bratland, Brattlandsdalen	9	43	kvernhus, Vasshus, Kvednaholo
3	17	kvernhus, Roaldkvam, "Nigard"	9	44	kvernhus, Vasshus, Kvednaholo
3	24	kvernhus, Roaldkvam, "Nigard"	10	5	kvernhus, Fjelberg, Aunå
4	2	kvernhus, Vetrhus, heimra Vetrhus,	11	22	kvernhus, Ropeid
4	36	kvernhus, Gugal Kvednaflåtå Bråtv.	12	29	kvernhus, Løland
4	37	kvernhus, Bråtveit, Kvednaflåtå	12	71	kvernhus, Bjerga ytre
4	38	kvernhus, Gugal Kvednaflåtå Bråtv.	14	17	kvernhus, Vela, "Øyane"
4	39	kvernhus, Århus Kvednaflåtå Bråtveit	15	13	kvernhus, Hanekam, Hanakam
4	46	kvernhus, Indra Vetrhus, Bråtveit	17	40	kvernhus, Vik, "Vikeneset"
5	27	kvernhus, Bakke, "Oppistov"	18	14	eldhus (nåverade.), Aas, Erfjord
6	9	kvernhus, Mehus, Rogntveit, S.osen	19	2	kvernhus, Tveit (Stølsbekken)
6	33	kvernhus, Kolbeinstveit	21	8	kvernhus, Mehus, Mehusbygden
6	67	kvernhus, Veke, Dalane	21	36	kvernhus, Gryte, Kvikkla
7	37	staurhus, Sørstad	27	21	kvernhus, Ytre Rødne, Finnvik
7	50	uteløe (nåveradne), Sørstad	27	34	kvernhus, Drengsti, "Ropeid"

Tørkehus

Det er registrert 11 tørkehus for korn i materialet. 2 av desse er sett i kat. A, 7 i kat. B og 2 i kat. C. Begge dei som er sett i kat. A står i nær tilknytning til kverna. Som ved kvernhusa er det lagt stor vekt på om inventaret er intakt.

Tørkehus i kategori A:

Krets	L.nr	Objekt
1	47	Korntørke, Bjørkenes, Hamrabø
10	28	Tørkehus, Hjorteland

Krets 1 Lnr. 47

Korntørke, Bjørkenes, Hamrabø

Eigaren meiner tørkehuset er frå 1700-talet. Dette er noko usikkert. Årstalet 1875 står rissa inn over døra.

Korntørka står like ved kverna og ikkje langt frå tunet på garden (miljø nr. 3). Om omnen og kvernkallen er intakt, vil dette huset saman med kverna og resten av tunet ha eit stort pedagogisk potensiale.

Krets 10 Lnr. 28 Tørkehus, Hjorteland

Tørkehuset er tidfesta til 1600-talet. Det er godt vedlikehalde.

Huset ligg like ved sida av kverna og desse to husa har eit stort pedagogisk potensiale.

Tørkehus i kategori B:

Krets	L.nr	Objekt
1	6	korntørke, Austarå, Holane
2	24	korntørke, Bratland, Brattlandsdalen
3	25	korntørke, Roaldkvam, "Nigard"
4	3	korntørke, Vetrhus, Heimra Vetrhus
4	40	korntørke, Århus, Kvednaflåtå, Bråtv.
6	8	korntørke, Mehus, Rogntveit, S.osen
6	34	korntørke, Kolbeinstveit

Miljø av kvernhus og korntørker

Miljø nr. 26 Kvednaflåtå

Krets	L.nr	Objekt	Kat.
4	36	Kvernhus, Guggedal	B
4	37	Kvernhus, Bråtveit	B
4	38	Kvernhus, Guggedal	B
4	39	Kvernhus, Århus	B
4	40	Korntørke, Århus	B

Dette er ei samling av 4 kvernhus og 1 korntørke. Alle er sett i kat. B.

Her har alle gardane i nedre del av Bråtveit kvernene sine, difor også namnet "Kvednaflåtå". I tillegg til bygningane er flåta omgitt av fine steingardar og ei bru over "Ånå". Rundt omkring står kjødlestuvar. Jorda rundt vert ennå slått delvis med ljå (1986). Like i nærleiken ligg våningshuset til husmannsplassen "Kvednaflåtå" (kat. A). Diverre har driftsbygningen falle ned. Det ligg òg ei uteløe i utkanten av flåta.

To av kvernene har nytt tak (eternitt/plater), dei to andre har framleis torv. Tørka er ikkje vedlikehalden og både tak og golv har dotte saman (ved reg. i 1986).

Kvednaflåtå har eit stort pedagogisk potensiale


med mange ulike deler av eldre gardsdrift samla på eit lite område, og det heile ligg ikkje langt frå vegen.

Miljø nr. 36 Kvednahåla, Ritland

Krets	L.nr.	Objekt	Kat.
9	39	Sirkelsag, Kvednahåla, Ritland	A
9	40	Kvernhus m/tørke, Ritland	B
9	43	Kvernhus, Vashus, Kvednahåla	B
9	44	Kvernhus, Vashus, Kvednahåla	B

I Kvednahåla står det 3 kvernhus. Det eine inneheld tørke også. I tillegg står det ei sirkelsag. På eit gammalt bilete frå 1800-talet, kan ein telje 11 hus her.

Desse husa er eigd av Ryfylkemuseet og er opne for publikum om sommaren. Dei ligg like ved Riksvegen og er lette å nå for folk.



Kartutsnitt, Kvednaflåtå, Bråtveit.

Uteløer/høyløer

Det er registrert 91 uteløer i SEFRAK-materialet. Av desse er 6 sett i kat. A, 73 i kat. B og 12 i kat. C.

Uteløer i kategori A:

Krets	L.nr	Objekt
9	71	Utløe, Mo, Lundeskardalen
9	72	Utløe, Mo, Lundeskardalen
9	73	Utløe, Mo, Lundeskardalen
10	41	Uteløa, Hjorteland
10	42	Uteløa, Hjorteland
10	68	Uteløa, Mæland, Ulladalen



Uteløe i Lundaskardalen

Krets 9 Lnr. 71

Utløe, Mo, Lundeskardalen

Denne uteløa er tidfesta til ein gong mellom 1775 og 1800. Ho er tømra og har torvtak.

Løa er ein del av miljø nr. 37.

Krets 9 Lnr. 72

Utløe, Mo, Lundeskardalen

Uteløe frå ein gong på 1800-talet. Løa er bygt i grindkonstruksjon og har torvtak.

Løa er ein del av miljø nr. 37.

Krets 9 Lnr. 73

Utløe, Mo, Lundeskardalen

Også denne løa er frå 1800-talet. Løa er i grindkonstruksjon. Ved registreringa er bordkledningen i dårleg forfatning, men konstruksjonen ser heil ut.

Løa er ein del av miljø nr. 37.

Krets 10 Lnr. 41 Uteløa, Hjorteland

Denne uteløa er frå 1600-talet. Den er tømra og har torvtak. Den ligg ikkje så langt frå tunet på Hjorteland.

Krets 10 Lnr. 42 Uteløa, Hjorteland

Også denne løa er frå 1600-talet, tømra og med torvtak. Den ligg like ovanom den forrige.

Krets 10 Lnr. 68

Uteløa, Mæland, Ulladalen

Denne uteløa er frå 1700-talet. Den er tømra, men berre med 4 omfar. Det er torvtak på ho. Det seiast at magne som var på rømmen under krigen overnatta i denne løa.

Miljø av uteløer

Miljø nr. 50 Heia rundt Hamrabø

KretsL.nr	Objekt	Kat.
1 33	utmarksløe, Austerå, Hamrabø, Nystølen	
1 34	utmarksløe, Austerå, Bjødnamyradne Hamrabø	
1 35	utmarksløe, Havrevold, Takfærgli, Hamrabø	
1 49	uteløe, Birkenes, Bakkadn, Hamrabø, Bøaløe	
1 54	uteløe, Havrevold, Småskaret, Hamrabø	
1 55	uteløe, Havrevold, "Kringlevatn", Hamrabø	
1 56	uteløe, Havrevold, "Havrevodl", Hamrabø	
1 58	uteløe, Havrevold, "Longhaug", Hamrabø	
1 59	uteløe, Havrevold, Hamrabø, (Stovemyrløa)	
1 60	uteløe, Havrevold, "Vasstøl", Vasstølvatnet"	
1 61	uteløe, Havrevold, "Vasstøl", Vasstølvatnet	
1 64	uteløe, Tveit, "Austmanna", Stølen, Hamrabø	
1 65	uteløe, Birkenes, "Klamradn", Bjørkjenes	
1 66	uteløe, Birkenes, "Kidlen", Bjørkjenes	
1 68	uteløe, Birkenes, "Bjørkjenes", Hamrabø	
1 69	uteløe, Birkenes, "Borgarhaugen", Bjørkjenes	
1 71	uteløe, Birkenes, Borgarbuhaugen, Bjørkjenes	
1 73	uteløe, Austerå, "Austarå", Hamrabø, (Øystøl)	
1 75	uteløe, Austerå, Langedalen, Hamrabø	
1 76	uteløe, Birkenes, "Bjørkjenes", Hamrabø	
1 89	uteløe, Tveit, Kilane, Hamrabø	
1 90	uteløe, Tveit, Kleivo, Hamrabø	
1 91	uteløe, Tveit, Dovamyro, Hamrabø	

Miljø nr. 37 Uteløer, Lundaskardalen

Krets	L.nr	Objekt	Kat.
9	71	Utløe, Mo, Lundeskardalen	A
9	72	Utløe, Mo, Lundeskardalen	A
9	73	Utløe, Mo, Lundeskardalen	A


Alle tre løene er sett i kategori A. Ei av dei er tømra, medan dei to andre er i grindkonstruksjon. Dei står etter kvarandre i Lundaskardalen, og gir eit godt inntrykk av korleis eit slikt utmarkområde vart nytta.

Det er registrert 23 uteløer i Hamrabøheia i SEFRAK-registreringane. Dette er det området i kommunen som har flest uteløer. Nokre av dei er lafta, medan andre er bygde i grindkonstruksjon. Ein ser at mange av løene framleis vert vedlikehaldne sjølv om dei er ute av bruk nå.

I 1985 gjorde Arkeologisk Museum i Stavanger ei registrering av kulturminne frå nyare tid i dette området. Det vart då registrert omlag 300 kulturminne innafor eit område på 10 km². Her er minne frå 1600-talet og heilt fram til omlag 1950.

Hamrabøheia gir eit godt og unikt bilete av korleis ein nytta heia i gardsdrifta.

Sjå kart neste side.



Uteløer i Hamrabøheia

- Uteløer
- Stølshus

Stølshus

Det er registrert 112 hus for mellombels opphald, 35 av desse er registrert som stølshus og 77 som hytter. Stølshusa og hyttene sett under eit, er fordelt slik: 5 er sett i kat. A, 53 i kat. B og 54 i kat. C.

Dei fleste av det som er registrert som hytter er gamle stølshus. Mange av dei som framleis vert kalla stølshus, har truleg også funksjon som hytte. Dette syner igjen ved at det er gjort ein del tilpassingar for å stette dagens behov til ei hytte i fjellet.

Stølshus i kategori A:

Krets	L.nr	Objekt
1	36	stølshus, Austarå, Hamrabø
1	62	stølshus, Havrevoll, Hamrabø
9	50	hytte, Kvæstad, Froa
9	51	hytte, Førland, Froa
9	54	stølshus, Nærheim, "Reinsstølen"

Krets 1 Lnr. 36

Stølshus, Skiftli, Austarå, Hamrabø

Stølshuset på "Skittli" er tidfesta til første halvdel av 1700.

Huset er sett saman av to deler, ei lafta stove og ei svål i bindingsverk. Det er torv på taket.

Krets 1 Lnr. 62

Stølshus, Skarstøl, Havrevoll, Hamrabø

Også dette stølshuset er tidfesta til tidleg 1700-tal. Det gjeld berre den vestre bua, melkebua. Stova vart bygt rundt 1900 av oldefar til nåverande eigar. Mellom bua og stova er det ein gong av bindingsverk.



Stølshus, Kvæstad, Froa

Krets 9 Lnr. 50 Hytte, Kvæstad, Froa

Stølsbu som er sett opp ein gong på 1800-talet. Huset står omlag slik det alltid har stått, sjølv om bruken er endra. Denne hytta og den neste er dei einaste husa som er registret på Froa. Tidlegare var Froa den største stølsgrenda i denne heia.

Krets 9 Lnr. 51 Hytte, Førland, Froa

Stølshus frå 1800-talet. Huset er nokså uendra, men ein er skeptisk til glasa, som ser ut til å vera nokså moderne. Hytta er, saman med den forrige, siste rest av stølsmiljøet på Froastølane.

Krets 9 Lnr. 54

Stølshus, Nærheim, "Reinsstølen"

Stølshus frå 1800-talet. Huset er mykje mindre enn dei på Froa, men godt teke vare på.

Stølshus i kategori B:

Krets	L.nr	Objekt	Krets	L.nr	Objekt
1	37	stølshus, Austerå, Skifli, Hamrabø	6	76	hytte, Berge, Liastøl
1	57	stølshus, Havrevold, "Longhaug"	6	79	hytte, Stråpe, "Brunabrekk"
1	67	stølshus, "Storemyr", Bjørkenes	6	81	hytte, Stråpe, Vetrhusstølen
1	70	stølshus, Birkenes, Borgarbuhaugen	6	83	hytte, Sørestad, "Steinstøl"
1	74	stølshus, Austerå, Austarå, Hamrabø	7	62	hytte Tjostheim Tjostheimsandsa
2	67	hytte, Tornes, Middlien, Fleso Brattli	7	63	hytte Tjostheim Tjostheimsandsa
3	35	stølshus, Tufteskog, Jostødel	7	66	hytte Tjostheim Tjostheimsandsa
3	40	stølshus, Nordmork, Fleso, Storli	7	74	hytte, Sørestad, "Foredalen"
3	41	stølshus, Roaldkvam Nigards steinsbu	7	78	hytte, Mæhus, "Prestastølen"
4	8	stølshus, Vetrhus, Jonsstøl	8	46	hytte, Vallskår, "Vasstøl"
4	56	stølshus, Gugdal, 'udi dalen'	8	47	hytte, Vallskår, "Liastøl"
5	51	hytte, Kvilldalsdalen, Mestølen	9	31	seterbu, Mo, "Moslia"
5	52	hytte, Kvilldalsdalen, Mestølen	9	52	hytte, Herabakke, Breiastøldalen
5	54	hytte, Kvilldalsdalen, Mestølen	9	55	stølshus, Nærheim, "Nyastølen"
5	56	hytte, Kvilldalsdalen, Eivindsstøl	9	58	hytte, Galland, "Stordalen"
5	59	hytte, Hedlestøl, Kvilldalsdalen	9	61	hytte, Galland, "Stordalen"
5	61	hytte, Hedlestøl, Kvilldal	9	62	hytte, Mo, "Rota"
5	62	hytte, Hedlestøl, Kvilldal	9	65	hytte, Mo, "Gamlaskår"
5	73	hytte, Ketilstad, Prostølen	9	67	hytte, Nærheim, "Brønnstøl"
5	74	hytte, Ketilstad, "Prostølen"	9	74	hytte, Berjorden, "Hovestøl"
5	79	hytte, Månastølen	9	77	hytte, Kvæstad, "Vassvikane"
5	81	hytte, Månastølen	10	22	seterbu, Hjorteland nordre
6	56	hytte, Stråpe, Stråpasansa	10	69	hytte Mæland, Longanes
6	57	hytte, Stråpe, Stråpasansa	10	79	stølshus, Ørekvam
6	59	hytte, Stråpe, Stråpasansa	15	40	hytte Kvammen, Grimstøl
6	61	hytte, Stråpasansa	15	41	hytte, Foss, Grimstøl
6	75	hytte, Berge, "Liastøl"			

Mjølkebuer

Det er registret 8 hus for oppbevaring og behandling av mjølk og mjølkeprodukt. 1 av disse er sett i kat. A, 6 i kat. B og 1 i kat. C.

Dette er hus som har tilknytning til stølsdrifta. Mange gonger er mjølkebua den eine enden av støls huset, og er difor registrert under støls hus.

Krets 9 Lnr. 63 Mjølkebu, Mo, Rota

Huset er frå 1800-talet.

Huset er tømra med ståande bordkledning utpå. Det er torv på taket. Mjølkebua står saman med støls huset og eit storfe fjøs.

Mjølkebuer i kategori B:

Krets	L.nr	Objekt
2	64	ystebu, Rossemyr, Varakvelvane, Brattlandsd
2	65	melkebu, Rossemyr, Varakvelvane, Brattlandsd
4	9	melkebu, Vetrhus, Gaukstøl, Bråtveit
4	11	melkebu, Vetrhus, Håvestødel, Bråtveit
5	80	melkebu, Månastølen, Kvilldal
10	72	melkebu, Nyastølen,

Miljø av stølshus

Det er heilt tydeleg at mange stølshus har fått nye bruksområde og at dette fører til at det karakteristiske stølsmiljøet vert oppløyst. Stølshusa vert fiksa opp, påbygt og ombygt, medan fjøs, løe og melkebu, ofte står og forfell eller vert bruka som vedaskut og skistall.

Miljø nr. 25 Månastøl, Kvilldal

Krets	L.nr	Objekt	Kategori
5	78	Storfe fjøs	B
5	79	Hytte	B
5	80	Melkebu	B
5	81	Hytte	B

Dette er ein støl med fleire hus. Her er det i tillegg til to stølshus, både fjøs og melkebu. Såleis utgjør Månastølen eit fint stølsmiljø.

Månastølen ligg utafør dekkingsområdet til Økonomisk Kartverk.


Miljø nr. 51 Stølane rundt Hamrabø

Krets	L.nr	Objekt	Kat.
1	36	stølshus, Austerå, Skiftli, Hamrabø	A
1	37	stølshus, Austerå, Skiftli, Hamrabø	B
1	57	stølshus m/melkebu, Havrevold, Longhaug	B
1	62	stølshus, Havrevold, "Skarstøl"	A
1	63	eldhus, havrevold, "Skarstøl", Skaravatnet	B
1	67	stølshus, Birkenes, "Storemyr", Bjørkenes	B
1	70	stølshus, Birkenes, "Borgarbuhaugen"	B
1	74	stølshus, Austerå, "Austarå", Hamrabø	B

I SEFRAK er det registrert 7 stølshus i Hamrabøheia. Det er typisk for stølane i området at dei ikkje ligg samla i grender, men spreidd utover heile området.

I ei registrering gjort av Arkeologisk Museum i Stavanger, har ein funne 32 stølsanlegg og 38 stølshus i dette området. Dette er stølar frå 1600-talet og fram til i dag, og mange av dei er nok berre tufter nå. I tillegg er det registrert ei rekke andre kulturminner som melkebuer, uteløer, høystakktufter, steingardar, klopper og andre installasjonar i samband med stølsdrift, fangst og fiske.

Sjå kart neste side.



Stølshus i Hamrabøheia

- Stølshus
- Utelær

Naust/sjøhus

Det er registrert 64 naust og 15 sjøhus. Skilnaden mellom naust og sjøhus er litt uklar. I rettleiinga til SEFRAK-registreringa er eit naust til oppbevaring av båtar og båtutstyr, medan ei sjøhus er til oppbevaring av utstyr knytt til fiske og sjøbruk. For å gjera det enkelt har ein her slått dei to gruppene saman.

Etter evalueringa er 7 objekt sett i kat. A, 53 i kat. B og 23 i kat. C.

Naust og sjøhus i kategori A:

Krets	L.nr	Objekt
12	10	Naust, Indre Vanvik
12	11	Naust, Vanvik indre
12	42	Sjøhus, Løland, ytre Vanvik
12	46	Sjøhus, Løland, ytre Vanvik
12	47	Sjøhus, Fatland, ytre Vanvik
20	16	Naust, Helland, Vormestrand

Krets 12 Lnr. 10 Naust, Indre Vanvik


Naustet vart sett opp ein gong mellom 1700 og 1720. Ved registreringa (1992), er taket under reparasjon. Naustet ber preg av at taket har vore dårleg.

Naustet er eit av ei rekke på 5 ved stranda i Indre Vanvik (miljø nr. 39).

Krets 12 Lnr. 11 Naust, Indre Vanvik

Naustet er oppført omlag 1856. Det er tømra heilt opp i mønet og har teglpanner på taket.

Naustet er eit av ei rekke på 5 ved stranda i Indre Vanvik (miljø nr. 39).



Sjøhus, Helland, Vormestrand

Krets 12 Lnr. 42 Sjøhus, Løland, ytre Vanvik

Krets 12 Lnr. 46 Sjøhus, Løland, ytre Vanvik

Krets 12 Lnr. 47 Sjøhus, Fatland, ytre Vanvik

Alle desse tre nausta er sett opp ein gong mellom 1800 og 1825. Dei er tømra og har teglpanner på taket.

Nausta er vurdert saman som eit miljø (miljø nr. 40).

Krets 20 Lnr. 16 Naust, Helland, Vormestrand

Årstalet 1583 står innrita i kledningen på dette naustet. All kledning er festa med trenaglar. Naustet er bygd i stav- og grindkonstruksjon.

Naust og sjøhus i kategori B:

Krets	L.nr	Objekt	Krets	L.nr	Objekt
5	9	naust, Øyestad, "Naustrabbane"	18	11	naust, Vaagene, Vågane
6	37	sjøhus, Osen, Suldalsosen	18	12	naust, Vaagene, Vågane
8	8	naust, Tveitene nedre, "Vika"	20	24	naust, Vormestrand, gamlenaust
8	9	naust, Tveitene nedre, "Vika"	20	25	naust, Vormestrand
8	18	sjøhus, naust, Torsvik, Vika	20	33	naust, Østebø, "Østabø"
8	19	naust/sjøbod, Torsvik, Vika	20	40	naust, Foldøy, "Ramsfjell"
12	38	sjøhus, Vanvik ytre	21	11	sjøhus, Tveitaneset, Tveitasjøen
12	39	sjøhus, Fjeldheim, "ytre Vanvik"	21	5	sjøhus, Jekteberg, Sjøbuvågen
12	40	sjøhus, Vanvik ytre	23	6	naust, Åserøy Indre, Åsårøynå
12	52	sjøhus, Vanvik ytre, "ytre Vanvik"	23	7	naust, Åserøy Indre, Åsårøynå
12	58	sjøhus, Tengedal, "Øyrå"	23	9	naust, Hambornes
12	59	sjøhus, Tengedal, "Øyrå"	24	9	naust, Berekvam, Berakvam
12	60	sjøhus, Tengedal, "Øyrå"	24	0	naust, Naustmyren, Berakvam
13	1	sjøhus, Nesahusgrunnen, Sand	24	4	naust, Nylund, Høyvik (nothuse)
13	3	sjøhus, "Nordenden", Sand	24	8	sjøhus, Markatun, Indre Høyvik
13	23	sjøhus, "Nordenden", Sand	24	5	sjøhus, Israelneset, Høyvik
13	140	sjøhus, Lågabråttet, Lagaros, Sand	24	46	Sjøhus, Ottøy
13	141	naust, Lagarhus, Verksbryggja, Sand	25	2	naust, Noresjøen, Jelsa
14	24	naust, Skeie, "Fiskeberget"	25	3	naust, Jelsa, Noresjøen
14	25	naust, Skeie, "Fiskeberget"	25	6	sjøhus, Bjergsted, Jelsa prestegard
14	26	naust, Skeie, "Fiskeberget"	25	11	naust, Jelsa, Noresjøen, Jelsanaustet
14	33	naust, Lovernes	25	15	lager, Økstra
14	34	naust, Ersdal	26	4	sjøhus, Økstra (sjøhuset)
14	37	naust, Vela, Øyaden	27	9	sjøhus, Nylund, Finnvik
16	16	sjøhus, Erøy, "Smeavikja"	27	18	naust, Ytre Rødne, Finnvik
16	17	nothus, Eøy, "Smeavikja"	27	25	naust, Indre Rødne, Finnvik
16	20	naust, Skjærehaugen, Erfjord			
17	19	naust, Tysse, Erfjord			
17	20	naust, Tysse (tyssenaustet)			

Miljø av naust og sjøhus

Det er særskilt 3 grupper av sjøhus som skil seg ut som egne miljø. Alle ligg i eller nær Vanvik.

Miljø nr. 39 Naustrekke, Indre Vanvik

Krets	L.nr	Objekt
12	10	Naust, Indre Vanvik
12	11	Naust, Indre Vanvik

Dette er ei gruppe med 5 naust, der berre to er registrerte i SEFRAK. Begge er sett i kat. A. Av bileta kan ein sjå at iallefall to av dei andre tre er både gamle og i forholdsvis bra stand. Det siste er det gjort ganske store endringar på, m.a. lagt bølgeblekk på taket.

For å gjera ei skikkeleg evaluering av dette miljøet, må ein gjera ei synfaring for å sjå på dei 3 som ikkje er registrerte og verdsetja dei etter same evalueringemetoden som er bruka på dei andre.




Naustrekke, Ytre Vanvik.


Miljø nr. 40 Sjøhusrekke, Ytre Vanvik

Krets	L.nr	Objekt
12	42	sjøhus, Løland, ytre Vanvik
12	46	sjøhus, Løland, ytre Vanvik
12	47	sjøhus, Fatland, ytre Vanvik

Alle desse tre husa er kvar for seg sett i kategori A. Også samla utgjer dei eit miljø i kat. A. Alle tre sjøhusa er tømra.



Kartutsnitt, Ytre Vanvik.




Kartutsnitt, Indre Vanvik.

Miljø nr. 41
Naustrekke, Tengesdalstranda

Krets	L.nr	Objekt
12	57	sjøhus, Tengesdal, "Øyrå"
12	58	sjøhus, Tengesdal, "Øyrå"
12	59	sjøhus, Tengesdal, "Øyrå"
12	60	sjøhus, Tengesdal, "Øyrå"

Dette er ei gruppe med 4 naust. Alle er registrete og evaluerte. 3 er sett i kat. B og 1 i kat. C. Samla utgjer dei likevel eit viktig naustmiljø.



Kartutsnitt, Tengesdalstranda

Andre hus på garden

Det er registrert ein del andre hus som høyrer til på garden.

Røykeri: 5 stk. 4 i kat. B og 1 i kat. C.
 Utedo: 6 stk. 5 i kat. B og 1 i kat. C.
 Vedskut: 7 stk. 3 i kat. B og 4 i kat. C.
 Brønnhus: 2 stk. 1 i kat. A og 1 i kat. B.
 Garasje/div.utstyr: 3 stk. 1 i kat B og 2 i kat. C

Andre hus i kategori A:

Krets 9 Lnr. 4 Stampehus, Kvæstad, Suldal

Stampa er eit enkelt grindbygd hus med torvtak og opne vegger. Inne i huset står eit vasshjul. Dette driv hammarane som stampar vadmålet. Stampa var i bruk heilt til etter 2. verdskrig. Det er berre fire slike vadmålstamper att i Norden dag. Ei til av desse er i Noreg. Dette gjer vadmålstampa til eit unikt kulturminne.

Krets 9 Lnr. 5 Open grue til stampa, Kvæstad, Suldal


Grua står ved stampa og vart bruka til å koka vatn som vart bruka i stampeprosessen.

Krets 9 Lnr. 39 Sirkelsag, "Kvednahållå", Ritland, Suldal

Saga er frå tida mellom 1850 og 1875. Den var ute av bruk og i ganske dårleg stand då Ryfylkemuseet tok over i 1973. Dei har restaurert huset og sett opp nye vassrenner.

Dette er det einaste huset med sagbrukfunksjon som er i SEFRAK-registreringane etter at Hiim-saga og Svensen-saga vart rivne. Det er den einaste gardssaga.

Saga står i "Kvednahållå" som, slik namnet fortel, er ei samling av kverner, tørkehus og sagbruk kring vassfallet frå Ritlandsvatnet. Nå står berre 4 hus att, men eit gammalt foto frå 1800-talet viser at det har vore tilsaman 11 hus her.



Stampa på Kvæstad.

Miljø av heile gardsbruk

Miljø nr. 2**Gnr. 51 bnr. 1, Havrevoll, Hamrabø**

Krets	L.nr	Objekt	Kat.
1	23	Våningshus	C
1	24	Våningshus	C
1	25	Stabbur	A
1	26	Våningshus	A
1	27	Hestestall	A
1	28	Kvernhus	A
1	29	Smie	B
1	30	Badstove	A
1	31	Våningshus, Vikane	A
1	32	Driftsbygning, Vikane	B
1	54	Uteløe, Småskaret	B
1	55	Uteløe, Kringlevatn	B
1	56	Uteløe,	B
1	57	Stølshus m/melkebu, Longhaug	B
1	58	Uteløe, Longhaug	B
1	59	Uteløe, Stovemyrløa	B
1	60	Uteløe, Vasstøl	B
1	61	Uteløe, Vasstøl	B
1	62	Stølshus, Skarstøl	A
1	63	Eldhus, Skarstøl	B

Gard m/20 registrerte objekt. 7 av objekta er sett i kat. A, 11 i kat. B og 2 i kat. C.

Dette er ein gard med bortimot komplett samling av hus som var på ein gard i eldre tid.

Våningshusa ber preg av å ha blitt oppdaterte etter kvart som tida har stillt nye krav. Det er òg sett opp ny driftsbygning på garden. Men elles er alle dei gamle husa teke vare på med omsorg og omtanke. Dei er godt vedlikehaldne, og det er gjort på ein slik måte at det ikkje har gått ut over opphavleg utsjånad. Sjølv små uteløer langt inni i heia er halde ved like.

Sjå kart neste side.

Miljø nr. 3**Gnr. 49 bnr. 1, Bjørkenes, Hamrabø**


Krets	L.nr	Objekt	Kat.
1	39	Våningshus	C
1	40	Stabbur	B
1	41	Våningshus	B
1	42	Driftsbygning	B
1	43	Stabbur	B
1	44	Smie	B
1	45	Grisehus	B
1	46	Kvernhus	A
1	47	Korntørke	A
1	48	Driftsbygning	B
1	49	Uteløe, Bakkane	B
1	50	Kalvahu	A
1	66	Uteløe, Kidlen	B
1	67	Stølshus, Storemyr	B
1	68	Uteløe,	B
1	69	Uteløe, Borgarbuhaugen	B
1	70	Stølshus, Borgarbuhaugen C	B
1	71	Uteløe, Borgarbuhaugen	B

Gard med 18 registrerte objekter, 3 i kat. A, 13 i kat. B og 2 i kat. C.

Garden har to generasjonar med hus:

Våningshus, og driftsbygning, kalvahu, grisehus, smie, kvern og tørke og 2 stølshus er frå århundreskiftet 1700/1800. 2 våningshus, driftsbygning, høyløe, stabbur og 3 uteløer er frå tida kring 1850-1875.

Sjå kart neste side.



= A

414

50/1.2

448.5

400

Tveit

Havrevoll

Bjorkenes

Austara

Holane

Nonas

349

52/2

49/1

01-45

01-5

01-44

01-6

01-52

01-47

01-46

01-48

01-42

01-43

01-41

01-39

01-40

01-4

01-1

01-3

01-2

01-51

01-26

01-25

01-24

01-23

01-28

01-8

01-15

01-16

01-14

01-13

01-12

01-18

01-7

01-9

01-10

01-17

01-11

01-95

01-29

01-30

01-27

01-49

01-50

01-38

375

350

359.5

50

52/2

349

370

375

374

Miljø nr. 9 Gnr. 48 bnr. 2, Mogleiv

Krets	L.nr	Objekt	Kat.
1	107	Våningshus	B
1	108	Sauehus	B
1	109	Sauehus	B
1	110	Driftsbygning	B
1	111	Eldhus/smie	B
1	112	Uteløe, Hovo	B
1	113	Uteløe, Store myra	B

Gard m/7 hus der alle er sett i kat. B.

Garden gir eit godt inntrykk av småbøndene sine kår rundt midten av 1800-talet. Garden er ennå omgitt av kulturbeite og kjødlestuvar i lia rundt. Om sommaren står det hesjer på markene.

Miljø nr. 28**Gnr. 36 bnr. 1, Kolbeinstveit, Suldal**


Krets	L.nr	Objekt	Kat.
6	23	Våningshus	A
6	24	Driftsbygning	B
6	25	Hestestall	B
6	26	Stabbur, Guggedalsloftet	A
6	27	Stabbur	B
6	28	Eldhus	B
6	29	Smie	B
6	30	Stabbur og lauvskjul	B
6	31	Stove	B
6	32	Badstove	B
6	33	Kvern	B
6	34	Korntørke	B

Dette miljøet er eigd av Ryfylkemuseet og er ei museumssamling. Nokre av husa høyrer opphavleg til på garden, dei andre er tilflytta. Dei fleste husa er opne for publikum i sommarsesongen.

Miljø nr. 43**Gnr. 113 bnr. 6, Jektevik, Ropeidhalvøya**

Krets	L.nr	Objekt	Kat.
21	5	våningshus, Jekteviken	B
21	6	driftsbygning, Jekteviken.	B
21	7	eldhus, Jekteviken	B

Dette er eit gardsbruk i ytre deler av kommunen. Dette er ein svært liten gard der fiske har vore ein viktig del av næringsgrunnlaget. Det er mange slike småbruk med tilknytning til sjøen, både på Ropeidhalvøya, på Jelsalandet og rundt Erfjorden.




Kartutsnitt, Jektevik, Ropeidhalvøya.

Miljø nr. 42 Gnr. 1 bnr. 5 Foss, Suldal

Krets	L.nr	Objekt	Kat.
15	22	Våningshus	A
15	23	Stabbur	A
15	24	Smie	A
15	25	Eldhus	A
15	29	Driftsbygning	B
15	32	Kvern og tørke	A

På denne garden er alle husa bortsett frå driftsbygningen frå 1700-talet. Det meste står slik det alltid har gjort, og er vedlikehalde etter dei gamle metodane. Våningshuset fekk nytt torvtaki i 1965. Smia og kverna har fått bølgeblikk på taket.



Kartutsnitt, Foss


Miljø nr. 33 Gnr. 18 bnr. 1, Litunet

Krets	L.nr	Objekt	Kat.
8	34	Våningshus	A
8	35	Følgehus	A
8	36	Sauehus	A
8	37	Eldhus	A
8	38	Grishus	B
8	39	Hestestall	A
8	40	Drengstove (Øvra bua)	A
8	41	Driftsbygning	A
8	42	Drengstove (Nera bua)	A
8	43	Stabbur	A
8	44	Stabbur (Endabua)	A
8	45	Fjos	A

I SEFRAK-registreringane er alle husa på Litunet tidfesta til 1600. Dette må vera feil. I ein artikkel av Peder Heskjestad i "Ætt og Heim 1953" tidfester han husa på Li frå første halvdel av 1700 og fram til så sein som 1844.

Likevel har Li-tunet eit særpreg som gjer det til noko særskilt. Peder Heskjestad siterer Halvor Vreim som har gjort oppmåling av heile tunet på Li. Han beskriv tunet slik:

"Som typer er husene gamle, selv om de i seg selv ikke kan sies å være det. Hele tunet har i karakter og tone mye av middelalderpreget over seg. Tunet er et interessant anlegg og på sin måte et av de best bevarte i landet"



Kartutsnitt, Li-tunet

ANDRE HUS I BYGDA

Skulehus

Det er registrert 19 hus med opphavleg funksjon som skulehus. Ingen av dei er no i bruk som det. Dei aller fleste er gjort om til sommarhus/hytte eller andre ulike føremål.

Det einaste huset som kan fortelja noko om skuletida, er Riiberghuset på Jelsa. Dette er nærare presentert under "Hus i tettstadane".

Skulehus i kategori B:

Krets	L.nr	Objekt
1	51	grendahus, Austarå, Hamrabø
1	91	utløe, Tveit Dovamyro, Hamrabø
10	55	skulehus, Tjørnarchaugen,
13	106	kommunalt hus, Bankbakkjen, Sand
13	140	sjøhus/bustadhus, Lagaros, Sand
16	3	hobbyverksted, Bøen, Erfjord
17	38	skulehus, Vik, "Vikeneset"
17	39	skulehus, Vik, "Vikeneset"
19	8	skulehus, Tveit, Erfjord
23	28	sommerhytte, Indre Åserøy
24	36	skulehus, Markatun, indre Høyvik

Prestegardane

Det er to prestegardar i SEFRAK-materialet. Det er prestegarden på Jelsa og på Vinjar.

I prestegarden på Vinjar er alle husa sett i kat. B. Prestegarden i Jelsa er i kat. A og vert presentert her.

Krets	L.nr	Objekt
25	70	Bustadhus, Prestegarden, Jelsa
25	71	Borgstova, Prestegarden, Jelsa
25	72	Eldhus, Prestegarden, Jelsa

Bustadhuset er sett opp i 1843. Det vart lagt nytt tak og skifta glas i det i 1970.

I borgstova er ei stove frå tida 1690-1700. Resten er bygd til i 1880. Huset har vore drengestove.

Prestebustaden, borgstova og eldhuset står saman i eit tun, og utgjer saman med hageanlegget eit miljø som er foreslått freda.

Overnatting for reisande

Krets 1 Lnr. 21

Våningshus, skysstasjon, Vaage

Huset er tidfesta til ein gong på 1700-talet. Det er truleg flytta til Vaage, men ein veit ikkje kor det er kome ifrå. Huset vert lokalt kalla "Lofet". Huset skil seg frå alle andre hus i Suldal ved at det har hovudfasade i brystveggen. Det er òg uvanleg med 2 fulle etasjar.

Huset vart nytta til overnatting for reisande frå Telemark som skulle til dei ytre delene av Rogaland. Dei kom med båt over Suldalsvatnet og gjekk over Hylsskaret til Hysten. Der var det båttransport vidare ut i fjordane. Denne trafikken var ein svært aktiv epoke i området rundt Suldalsvatnet. Saman med stien over Hylsskaret er dette huset ein svært viktig dokumentasjon over denne tida og aktiviteten.

Tingstove

Krets 11 Lnr. 14 Gardsmuseum, Illstad

Huset er tidfesta til 1600.

Det har vore rådstova og har rom for arrest og lensmannskontor ved inngangen. Huset har òg vore nytta til stabbur. Det er nå gardsmuseum.

"Lakseslott"

Krets 7 Lnr. 15 Våningshus, Lindum

Huset på Lindum vart bygd i 1885 av Sir Montigue Walo Sibthorp. Dette er eit av tre "lakseslott" i Suldal, og det som det er gjort minst endringar på gjennom åra. Huset er bygd av lokalt tømmer og sett opp av lokale folk. Lars Kolbeinstveit var byggeleiar og Osmund Tveitane byggmeister.

Familien Sibthorp bruka huset som sommarstad fram til 1914. Huset har seinare vore bruka til internat og ferie-/kurstad. Lindum vert nå nytta til overnatting- og serveringsstad.

Dei to andre "lakseslotta" i Suldal, Hiimsmoen og Juvås er svært ombygde opp gjennom varierende tider og bruk. Det er difor viktig å ta vare på Lindum som eit minne om dei engelske Lordane som har sett sitt preg på Suldal si historie

HUS I TETTSTADENE

Av tilsaman 1500 evaluerte hus i Suldal kommune, er det berre 227 som ikkje er knytta til landbruk, fiske og fangst. Av desse 227 er 85 bustadhus, 39 er uthus/vedskut ol. og 5 er fritidsbusetnad.

Dei resterande 98 husa er fordelt slik:

Hus for energiprod., bergverk og industri	5 stk.
Hus for merkantil verksemd	30 stk.
Hus for off. forvaltning, kyrkje og militær	7 stk.
Hus for undervisning, idrett, kulturformål	29 stk.
Hus for samferdsel	2 stk.
Hus for off. tenesteyting og sos. formål	8 stk.
Opphavleg funksjon ukjent	17 stk.

I tettstadane vil miljøvurderingane telje sterkt. Om ein ser på kvart einskilt hus på Jelsa, eller i Nordenden på Sand, har dei til dels ganske låg karakter. Men sett saman til eit miljø, utgjer dei unike bilete av ein strandstad slik han var i den tida då handelen gjekk sjøvegen og skipsbygging var ein stor industri i Ryfylke.

Det som kjenneteiknar ein strandstad er det tette miljøet med svært blanda bygningsmasse. Her finn ein bustadhus, uthus, vedaskutar, sjøhus, rom og hus for handverk og handel i tett samkvem. Det som skjer nå er at bustadhusa er i bruk og vert tilpassa moderne bukav, medan alle dei andre husa og funksjonane vert borte, litt etter litt. Ingen har høns eller ein gris i uthuset lenger. Utedoane er ute av bruk og stort sett rivne. Det finst ikkje handverkarar att i strandstadmiljøet. Handelsverksemda vert flytta ut til eigne bygg. Berre i Gata på Sand har ein framleis kombinasjonen forretning og bustad i same huset. I tillegg til denne utarminga av miljøet, vert mange av bustadhusa berre nytta til sommarhus, og står difor tome det meste av året.

Det er viktig å ta vare på dei små bitane me har att av strandstadmiljøa i Suldal kommune. Dei er minnesmerke over ei tid då handel og handverk var store næringsvegar.

Bustadhus

Det er registrert 85 bustadhus utan tilknytning til landbruk. Desse står stort sett i dei gamle strandstadene Jelsa og Sand.

Av dei 85 tettstadhusa er 1 sett i kat. A, 38 i kat. B og 46 i kat. C.

Typisk for strandstadhusa er at få av dei er svært gamle, dei aller fleste er frå siste delen av 1800-talet. Det er òg gjort ganske mykje med dei. Mest alle har fått nye glas, mange har fått ny taktekkning, ofte med betongtakstein som er bretta ned over kanten i staden for vindskier og vannbord slik det var før.

Strandstadhus i kategori A:

Krets	L.nr	Objekt
25	35	Bustadhus, Bjergsted, Jelsa
25	40	Bustadhus, Sandane, Jelsa

Krets 25 Lnr. 35

Bustadhus, Bjergsted, Jelsa

Huset er tidfesta til omlag 1750 - 1775.

Huset har hatt ein sentral posisjon i strandstadbi-letet på Jelsa. Det har m. a. fungert som gjestgiveri og landhandel. Det har vore drive handel i huset i over 200 år. Huset står i nær samanheng med anneks, hage, sjøhus, bakeri og uthus.

Krets 25 Lnr. 40 Bustadhus, "Brodersenhuset", Sandane, Jelsa

Huset er sett opp i 1787.

Huset har fått nye glas som er så godt som identiske kopiar av dei gamle. Rokokkodøra er og ein nøyaktig kopi av den gamle.

Strandstadhus i kategori B:

Krets	L.nr	Objekt	Krets	L.nr.	Objekt
9	10	våningshus, Herabakke, Bjørkemoen,	13	74	bustadhus/frisørsalong, Soltun, Sand
13	2	våningshus, Sand presteg. Nordenden	13	76	bustadhus, Sana, Sand
13	14	våningshus, Sand presteg. Nordenden	13	80	bustadhus, Brekken, Bankbakken
13	17	våningshus, Sand presteg. Nordenden	13	83	bustadhus, Brommeland, Sand
13	19	våningshus, Sand presteg. Nordenden	13	84	bustadhus, Nerheim, Sand
13	20	våningshus, Sand presteg. Nordenden	13	85	bustadhus, Fredsborg, Sand
13	22	våningshus, Sand presteg. Nordenden	13	87	bustadhus/verkstad, Bakkatun, Sand
13	24	våningshus, Sand presteg. Nordenden	13	101	bustadhus, Brådland, Bakkane, Sand
13	25	våningshus, Sand presteg. Nordenden	13	102	bustadhus, Underbakke, Bakkane
13	27	våningshus, Helgatomten, Nordenden	13	107	bustadhus, Fredheim, Bakkane, Sand
13	28	våningshus, Sand presteg. Nordenden	13	135	bustadhus, Ostun, Osbakken, Sand
13	33	våningshus, Sand presteg. Nordenden	13	136	bustadhus Badstovebakken Karistova
13	34	våningshus, Sand presteg. Nordenden	13	137	bustadhus, Lågåbråttet, Sand
13	38	våningshus, Sand presteg. Nordenden	25	1	bustadhus, Jelsa, Noresjøen
13	39	våningshus, Sand presteg. Nordenden	25	22	bustadhus, Soltun, Noresjøen, Jelsa
13	40	våningshus, Sand presteg. Nordenden	25	24	bustadhus, Noresjøhuset, Jelsa
13	47	våningshus, Presteg. Reinå, Sand	25	32	bustadhus, Presteg., Jelsa prestegård
13	54	våningshus, Lillehammer Sandsbraut	25	34	banklokale, Fredheim, Jelsa, (banken)
			25	50	bustadhus, Prestegården Jelsa presteg.

Uthus

Det er registrert 30 uthus i tilknytning til tettstad-busetnaden. Det er 3 eldhus, 10 utedoar, 14 vedhus, 1 hus for sau og geit og 2 høns hus.

Dette er hus som er ein viktig del av mangfaldet i tettstadene. Kvar for seg har dei ikkje så høg verdi, men dei er vesentlege som miljøfaktorar.

Næringsliv

Det er få eller ingen hus som er bygt berre til handels- eller handverkarverksemd. Desse funksjonane er ofte berre ein del av bruken av eit hus. I SEFRAK-registreringane er det berre registrert 7 hus med omsetning av daglegvarer og bransjevarer som opphavleg funksjon. I tillegg er dette sett som sekundær funksjon for 14 hus. Dei aller fleste av desse husa ligg på Jelsa og på Sand.

Eit hus som har vore i bruk til handelsverksemd, er sett i kat. A. Det er Bjergsted på Jelsa. Dette huset er nærare omtala under "Bustadhus i tettstadene", s. 52.

Det er registrert 1 hus som har tilverking og behandling av tekstilvarer som sekundært formål.

Det er registrert 3 hus som har skomakarverkstad som sekundært formål.

Det er registrert 1 hus som har tilverking av snikkarprodukt som primært formål og 3 hus som har det som sekundært formål.

Overnatting

Det er registrert 2 hus for gjestgjevarverksemd i tettstadene. Dette er "Pensjonatet" på Sand og Bjergsted på Jelsa. I tillegg kjem hotellet på Suldalsosen.

Bjergsted er nærare omtala på s. 52. Hotellet på Suldalsosen vert omtala under miljø nr. 29.

Pensjonatet på Sand er sett i kat. B. Ut frå opphavleg funksjon og historie er dette eit svært viktig hus. Diverre er det blitt gjort så store bygningmessige endringar på huset at det ikkje kan forsvare ein høgare karakter enn B.

Skulehus

Krets 25 Lnr. 41 Skulehus, Riiberghuset, Jelsa

Huset vart sett opp i 1775 med pengar frå testamentet til Marcille Riiber. Ho var brordotter til Jelsapresten Mentz Blix. Skulen skulle vera for strandsitjarborna på Jelsaneset, og to ungdommar skulle ha gratis opplæring til å bli omgangskulelærarar. I løpet av ein periode på 45 år, sende dei ut 40 lærarar til Ryfylke Prosti.




Den Rubergske Skule, Jelsa.

Tettstadmiljø


Miljø nr. 2 Nordenden, Sand

Krets	L.nr	Objekt	Kat.
13	1	sjøhus, Nesahusgrunnen, Nordenden,	B
13	2	våningshus, Sand prestegård, Nordenden	B
13	3	sjøhus, Sand prestegård, Nordenden	B
13	4	våningshus, Sand prestegård, Nordenden	C
13	5	våningshus, Sand prestegård, Nordenden	C
13	6	uthus/sjøhus, Sand prestegård, Nordenden	B
13	7	høsehushus, Sand prestegård, Nordenden	C
13	8	våningshus, Sand prestegård, Nordenden	C
13	9	våningshus, Sand prestegård, Nordenden	C
13	10	sjøhus/uthus, Sand prestegård, Nordenden	C
13	11	våningshus, Sand prestegård, Nordenden	C
13	12	våningshus, Sand prestegård, Nordenden	C
13	13	uthus, Sand prestegård, Nordenden, Sand	C
13	14	våningshus, Sand prestegård, Nordenden	B
13	15	uthus, Sand prestegård, Nordenden, Sand	C
13	16	våningshus, Sand prestegård, Nordenden	C
13	17	våningshus, Sand prestegård, Nordenden	B
13	18	uthus, Sand prestegård, Nordenden	C
13	19	våningshus, Sand prestegård, Nordenden	B
13	20	våningshus, Sand prestegård, Nordenden	B
13	21	uthus, Sand prestegård, Nordenden C	
13	22	våningshus, Sand prestegård, Nordenden	B
13	23	sjøhus, Sand prestegård, Nordenden	B
13	24	våningshus, Sand prestegård, Nordenden	B
13	25	våningshus, Sand prestegård, Nordenden	B
13	26	våningshus, Sand prestegård, Nordenden	C
13	27	våningshus, helgatomten, Nordenden	B
13	28	våningshus, Sand prestegård, Nordenden	B
13	29	uthus, Sand prestegård, Nordenden	B
13	30	våningshus, Sand, Nordenden, Sand	B
13	31	uthus, Sand, Nordenden	-Rive!
13	32	garasje, Wåge, Nordenden, Sand	B
13	33	våningshus, Sand prestegård, Nordenden	B
13	34	våningshus, Sand prestegård, nordenden	B
13	35	uthus, Sand prestegård, Nordenden	C
13	36	våningshus, Sand prestegård, Nordenden	C
13	37	våningshus, Sand prestegård, Nordenden	C
13	38	våningshus, Sand prestegård, Nordenden	B
13	39	våningshus, Sand prestegård, Nordenden	B
13	40	våningshus, Sand prestegård, Nordenden	B
13	41	uthus, Sand prestegård, Nordenden, Sand	C
13	42	bustadhus, Posten, Nordenden, Sand	C



Parti frå Nordenden, Sand

Nordenden på Sand har ennå svært mykje av det gamle strandstadpreget. Men også her ser ein at miljøet vert meir og meir homogent med bustadhus som den dominerande funksjonen. Likevel er her ennå mange element som det er viktig å ta vare på, som ein dokumentasjon av Sand si fortid som strandstad.



13-39

13-40

13-41

13-38

13-36

13-37

13-34

13-33

13-35

13-42

13-28

13-32

13-25

13-30

13-24

13-29

13-18

13-27

13-19

13-26

13-17

13-22

13-14

13-23

13-13

13-20

13-08

13-21

13-7

13-16

13-15

13-9

13-5

13-6

13-4

13-2

13-3

13-1

C36AP3

inersneset

SAND

Miljø nr. 46 Noresjøen, Jelsa

Krets	L.nr	Objekt	Kat.
25	1	bustadhus, Jelsa, Noresjøen	B
25	2	naust, Noresjøen, Jelsa	B
25	3	naust, Jelsa, Noresjøen	B
25	4	uthus, Jelsa, Noresjøen	C
25	5	bustadhus, Klunghaug, Noresjøen	B
25	6	bustadhus, Noresjøen, Jelsa	B
25	7	uthus, Noresjøen, Jelsa	B
25	8	bustadhus, Klunghaug, Noresjøen	B
25	9	bustadhus, Noresjøen, Smedahuset	C
25	10	bustadhus, Jelsa, Noresjøen	C
25	11	naust, Noresjøen, Jelsanaustet	B
25	12	bustadhus, Jelsa, Noresjøen	C
25	13	uthus, Jelsa, Noresjøen	B
25	14	bustadhus Noresjøen Klengsahuset	C
25	15	bustadhus, Solkråa, Noresjøen,	C
25	16	uthus, Solkråa, Noresjøen, Jelsa	C
25	18	bustadhus, Jelsa, Noresjøen	C
25	20	bustadhus, Nonsflåt, Noresjøen	C
25	21	bustadhus, Noresjøen, Smittahuset	B
25	22	bustadhus, Soltun, Noresjøen	B
25	23	uthus, Soltun, Noresjøen, Jelsa	B
25	24	bustadhus, Noresjøhuse, Noresjøen	B
25	25	bustadhus, Nordnes, Noresjøen,	B
25	26	uthus, Nordnes, Noresjøen, Jelsa	C

Sjølv om Noresjøen framstår som eit heilheitleg strandstadmiljø, varierer husa her svært mykje i alder og sosial tilknytning. Ein finn alt frå gamle røykstover til sveitserhus.

Noresjøen er samstundes ein komplettering av, og ein motsetnad til miljøet rundt Bjergsted. I Noresjøen budde det nok vanlege folk som livnærte seg med ulike handverk, medan i og rundt Bjergsted var det handelsmann og gjestgjevar og presteenker som budde. Ved å sjå på desse to miljøa samla, får ein eit godt bilete av samfunnet slik det var tidlegare.

Også i Noresjøen ser ein at alle restar av handverk- og handelsverksemd er blitt borte med åra. Berre nokre få uthus og naust står att i tillegg til bustadhusa.


Miljø nr. 47 Bjergsted, Jelsaneset, Jelsa

Krets	L.nr	Objekt	Kat.
25	35	bustadhus, krambu, "Bjergsted"	A
25	36	sjøhus, Bjergsted, Jelsa prestegard	B
25	37	bustadhus, Bjergsted, Jelsa prestegård	B
25	38	bakeri, "Bjergsted", Jelsa prestegård	B
25	39	uthus, "Bjergsted", Jelsa prestegård	B
25	40	bustadhus, Sandene, "Sandane", Jelsa	A
25	41	skulehus, skuletun, Jelsa, Riiberghuset	A


Det har vore handelsverksemd på Jelsa sidan tidleg på 1700-talet. Truleg var det Erik Bjerby som starta med handelen, og svigerson hans, Søren Rose bygde opp ei større handelsverksemd her og dreiv samstundes som gjestgjevar. Det har sidan vore drive handel her heilt fram til omlag 1980.

Hovudhuset på Bjergsted er sentrum i eit heilt anlegg med bryggje, sjøhus, bakeri og bakar-bustad. Rundt huset er det fin hage som vert halden på plass av ein lang høg gråsteinsmur.

I tillegg til Bjergstedanlegget er "Den riibergske skulen" og "Brodersen-huset" tatt med som ein del av miljøet på Sandane. Til saman utgjer desse sju husa eit unikt inntrykk av borgarskapen på Jelsa, og står som eit motstykke til strandsitjarmiljøet på i Noresjøen.



Parti frå Sandane, Jelsa



137/9 = A
JELSA

= B
A

137/1

Sa

25-41
25-40
25-38
25-39

25-35

25-31

25-30

25-29

25-37

25-36

25-25

25-24

25-22

25-21

25-23

25-20

25-18

25-14

25-15

A
=

25-13

25-16

25-12

25-11

25-10

25-9

25-7

25-8

25-3

25-5

25-6

25-1

25-2

25-4


Miljø nr. 29 Suldalsosen

Krets	L.nr	Objekt	Kat.	
				Både hus nr. 06-39 og 06-40 har vore hotell.
				Nr. 06-40 vart bygt i 1878 av Thor Underbakke.
6	37	sjøhus, Osen 12, Suldalsosen	B	I 1888 brann det ned, men vart bygt opp att same
6	38	våningshus, Osen 12, Suldalsosen	C	året. Nr. 06-39 vart òg sett opp i 1888 og heitte
6	39	våningshus, nedre Osen, S.osen	B	Hotel Suldal. Dette huset vart overtatt av Suldal
6	40	hotell, Fisketjøn, Osen 18, Osen	B	kommune i 1915 og vart bruka til kommunehus.
6	41	skystasjon/pakkhus, Fisketjøn, Osen	B	

Då det kom veg mellom Suldalsosen og Sand i 1875, vart Suldalsosen eit naturleg trafikknutepunkt, og det vaks fram ein livleg handelsstad. Her var fleire krambuer, bakeri, postopneri og telefonstasjon. I hus nr. 06-38 hadde Straabø sin første landhandel, og handelslaget heldt til i kjelaren på hus 06-39 då det vart skipa i 1916.

Sjøhuset nr. 06-41 har hatt ei svært sentral rolle i kommunikasjonane til Osen. Her var det pakkhus og skipsekspedisjon, postopneri og telegraf. Det var òg skyss-stasjon ei tid.

Det er gjort såpass med moderniseringar på desse husa at ingen av dei kjem opp i kat. A, men samla utgjer dei eit unik miljø som bør takast vare på.



Kartutstnitt over Suldalsosen.

EVALUERINGSRESULTAT FORDELT PÅ HOVUDINDELING FOR OPPHAVLEG FUNKSJON

Verneklasse:	A	B	C	SUM
Hus for fast busetnad knytt til landbruk, fiske og fangst	73	675	527	1275
Hus for fast busetnad utan tilknytning til næringsdrift	1	49	74	124
Hus for fritidsbusetnad	1	0	4	5
Hus for energiproduksjon, bergverk og industri	0	2	3	5
Hus for merkantil verksemd	2	15	12	29
Hus for offentleg forvaltning, kyrkje og militærstell	3	3	1	7
Hus for undervisning, forskning, idrett og andre kulturformål	1	16	12	29
Hus for samferdsleformål	0	1	1	2
Hus for offentleg tenesteyting og sosiale formål	1	3	4	8
INGEN KODE for opphavleg funksjon!!	0	5	12	17
SUM evaluert	82	769	650	1501

EVALUERINGSRESULTAT FORDELT PÅ TIDSPERIODAR

Tidsrom	Verneklasse			SUM evaluert	Ikkje evaluert
	A	B	C		
1600-1624	1	1	0	2	0
1625-1649	0	4	0	4	0
1650-1674	2	4	1	7	0
1675-1699	0	1	0	1	0
1700-1724	8	10	2	20	0
1725-1749	1	2	2	5	0
1750-1774	0	10	4	14	0
1775-1799	4	19	8	31	0
1800-1824	6	44	25	75	0
1825-1849	2	54	48	104	1
1850-1874	4	132	130	266	7
1875-1899	3	118	151	272	3
1900-1924	0	17	31	48	2
1925-1949	0	2	10	12	1
1950-1974	0	0	4	4	0
1975-1999	0	0	1	1	0
I alt	31	418	417	866	14
1536-1599	3	0	0	3	0
1600-1699	20	6	0	26	0
1700-1799	14	31	5	50	0
1800-1899	8	215	122	345	1
1900-1999	0	2	5	7	0
I alt	45	254	132	431	1
Ingen alderskode	6	97	101	204	13
SUM evaluert	82	769	650	1501	28
Prosentfordeling	5	51	43	100	